

SPØR


-fortidsnytt
fra midt-norge

NR. 2 1986

1. Årgang

En rekonstruksjonstegning av Trondheim omkring år 1250,
med Krambugatas søndre del i forgrunnen.

Hvorfor ble det en by, og hvorfor akkurat her?



«GAMLE SENTRA»

redaktøren

KJÆRE LESER

Hermed et nytt nummer av SPOR, som kommer sent, men forhåpentligvis godt!

Vi kan glede oss over mange og positive reaksjoner på SPOR nr. 1, og håper vi kan leve opp til forventningene. Den fine mottakelsen er i alle fall en god stimulans for det videre arbeid.

I dette nummeret er hovedtemaet «gamle sentra». Sentra dannes, vokser, oppløses og forflyttes, det er en stadig virksom prosess som vi selv sitter midt oppe i. Plutselig oppstår det pendling i ett område, avfolkning i et annet, uventet vekst i et tredje. Dette er ikke noe nytt fenomen. Betrakter vi det hele i et tidsperspektiv, kan vi kanskje lettere se hvilke treffer som styrer oss.

Vi vil ta opp generelle aspekter omkring sentrum og utkant, se nærmere på hvilke forhold som ligger bak den eldste bydannelsen og også gå lenger tilbake i tid, til ulike slags sentra tidligere i jernalderen.

Hovedtendensen i utviklingen frem til i dag synes å være at vi får stadig større og mer kompliserte sentra etter hvert som teknologien blir mer avansert og menneskene får mer spesialiserte oppgaver. Utkantområdene derimot, synes

å legges stadig mer øde. Men det spørs om denne tendensen ikke er i ferd med å snu. Den høyt utviklede kommunikasjonen vi nå etter hvert får gjennom data-teknikken, gjør at vi snart kan oppholde oss omtrent hvor som helst for å utføre de mest mangfoldige spesialoppgaver. Vi kan drive et reisebyrå fra Indre Sogn og holde møter der vi både ser og hører hverandre, selv om deltakerne sitter spredt omkring i hver sin avkrok.


Men hvordan det så skal gå med personlig kontakt blir vel et stadig voksende problem.

Kommunikasjon betyr mye i spørsmålet om utvikling av sentra. Dette går ikke bare på handelsveier og transportmuligheter - skrift og tale er selve grunnpillaren for all kommunikasjon - et tema som også berøres i dette nummeret. Vi tar også opp tråden fra SPOR nr. 1 med interessant nyhetsstoff om den eldste bosetningen. Enkelte resultater fra sommerens feltarbeid er det også blitt plass til, men her håper vi å komme sterkere tilbake i neste nummer.

Forøvrig er det teknologien som blir hovedtemaet for det neste nummeret. Se nærmere omtale på omslaget.



Kari Støren Binns



INNHold

Sentra i sentrum	s. 4
Gravfeltet på Løykja i Sunndal ..	s. 5
Arkeologisk utstilling på gamle Kvernes bygdemuseum	s. 5
Elveosar - gamle sentra på vandring	s. 6
Brev-spalte	s. 13
Kuløy - sentralt i går - utkant i dag	s. 14
Valseidet i Bjugn - et høvdingesete i eldre jernalder	s. 18
Kongens hus ved Nidelven	s. 22
Våre folk i Sør-Trøndelag	s. 29
Tjøttaøyene og høvdingmakt for tusen år siden	s. 30
Norges eldste treskurd, fra Oppdal	s. 34
Arkeologi i skolen	s. 35
Runer i voks	s. 36
Kongsmakt, kristning og frostattinget - gravfunn på Hernes, Frosta	s. 38
Fornminneområdet ved Bremsneshatten i Averøy	s. 41
Hove i Åsen - kultstad og bygdesentrum	s. 42
Gratulerer, Averøy kommune ..	s. 46
Nye funn	s. 47
Leka - en hemmelighetsfull sagaøy i havgapet	s. 48

SPOR

Utgitt av:
Universitetet i Trondheim, Museet
Redaksjonens adresse:
Arkeologisk avdeling, UNIT Museet,
Erling Skakkesgt. 47b, 7000 Trondheim
Telefon:
07-59 21 68 og 07-59 21 44
Redaksjon:
Kari Støren Binns, Arkeologisk avdeling
(fagredaktør)
Gunnar Holt, Skoletjenesten
(pedagogisk redaktør)
Kirsti Rønning, Skoletjenesten (lay-out)

SENTRA I SENTRUM

Av Sæbjørg Walaker Nordeide

I tiden før kristendommen kom hit til landet, var Jorden betraktet som en rund skive. Denne skiven var delt inn i soner: ytterst mot havet var Utgard der jotnene og de døde bodde. Innenfor dette lå Midgard, som var menneskenes bosted. Innenfor Midgard igjen, finner vi Åsgard. I Åsgard, som altså lå midt i verden, bodde æsene (gudene). Midt i Åsgard står det helligste av alt: asken Yggdrasil. Yggdrasil var det klare sentrum i verden. Her møttes alle onde og gode krefter, her ble skjebnen bestemt; her fantes kilder til visdom, og her holdt gudene ting. Yggdrasil var selve symbolet på livet, så det var viktig å holde den frisk. Hvis Yggdrasil begynte å visne, så ville også jordens liv stå i fare.

Yggdrasil er altså et sentrum. Men det var kanskje ikke denne typen sentrum du tenkte på når du leste overskriften?

Hva er et sentrum?

De fleste får noen klare assosiasjoner ved å høre ordet «sentrum». Men ulike personer får ulike assosiasjoner, avhengig av hvilket samfunn en lever i. Eksempelet over er ment som en påminnelse om at det finnes mange forskjellige typer sentra i dag, og går vi tilbake i tiden, finner vi andre typer sentra igjen. I dette heftet er det likevel tenkt på mer virkelighetsnære sentra enn det mytiske Yggdrasil. Det er tenkt på steder der mange mennesker kommer sammen for kortere eller lengre tid for å utføre visse aktiviteter. Folkemengdene og de ulike aktivitetene er av en art og et omfang som gjør at stedet skiller seg fra omlandet.

Samarbeid og spesialisering skaper sentra.

I et hvert samfunn er det en hel del aktiviteter som ikke kan løses i det private hushold. Det er for det første alltid en del fellesanliggende for en bygd, et fylke osv. Det kan f.eks. være bruks- og eierdomsrett til jord, og ikke minst organisering av forsvar. Dessuten er mennesket et sosialt vesen som har behov for å samles til større anledninger for å drive religiøs kult i fellesskap med andre, treffe ekteskapspartnere osv. Når mange mennesker er samlet, benyttet en gjerne også anledninger til å handle/bytte. Disse aktivitetene skaper «sentra» og kalles derfor gjerne «sentrumsfunksjoner». Samfunnet er avhengig av at sentrumsfunksjonene utføres, liksom et sentrum er avhengig av sitt omland.

Middelalderens Trondheim eller Nidaros var et stort sentrum, som ble kalt «by» eller «kjøpstad» av sin samtid. Der var en mengde kirker, erkebispesete, riksadmi-



Hvor lå de gamle sentraene? Hva foregikk der?

nistrasjon, og handels- og håndverksboder. Nidaros var allikevel relativt mindre enn dagens Trondheim, i forhold til befolkningen. Dette har sammenheng med at folk ikke var så spesialiserte i middelalderen. Den største delen av befolkningen drev med fiske og jordbruk. Overskuddet var ikke så stort at de kunne livnære så mange folk som drev med andre ting. Folk var selvforsynte med det meste av både jordisk og åndelig «føde». I dag derimot, er det svært få som driver med matproduksjon. Hver person dekker bare et snevert område av de behov en har for å leve. Derfor må vi bytte med andre for å få det vi skal ha.

Vi må m.a.o. oppsøke en hel rekke med butikker og kontorer daglig. For at noen skal ha oversikt over et tilsynelatende kaos av spesialister, har vi en mengde frustrerte mennesker sysselsatt som politikere og administratorer.

Ettersom vårt samfunn er så spesialisert, dvs. at mange vet mye om lite, har vi mange og store sentra. Våre sentra har også stor økonomisk og sosial betydning for samfunnet. I middelalderen hadde sentrene mindre betydning, og byene var i sin spede barndom. Går vi lengre tilbake i tiden, til jernalderen og særlig steinalderen, forsterkes denne tendensen. Og betydningen lå heller mer på det sosiale/

politiske/religiøse planet, enn på det økonomiske.

Ulike typer sentra.

Byene er de mest utpregede typer sentra. Dette er så store enheter at de allerede i middelalderen ble skilt fra omlandet med egne lover og regler. Byene og andre mindre sentra har det til felles med Yggdrasil at der utføres noen viktige, ofte livsviktige oppgaver. De betjener et omland, som de også er avhengige av for tilførsel av mat, råstoff o.l. De må derfor ligge geografisk sentralt, liksom Yggdrasil. Før den motoriserte tidsalder, vil det i hovedsak si at man bør kunne komme dit med båt. De fleste sentra gror også opp ved sjøen.

Men befolkningen i Trøndelag trengte ikke reise helt til Nidaros hvis de ville oppsøke et sentrum i middelalderen. De hadde andre, mindre sentra de kunne henvende seg til for ulike forhold. F.eks. kunne de trolig få seg kvernstein i Selbu, høvelig gravferd på Mære, alt etter hvor de bodde.

Også byene hadde forskjellige funksjoner. Nidaros og Hamar utviklet seg etterhvert til viktige byer i kirkelig sam-

menheng, mens Bergen ble handelsbyen framfor noen i middelalderen. Generelt kan vi si at jo større et sentrum er, jo flere sentrumsfunksjoner utfylles der.

Arkeologiske spor etter gamle sentra.

I dag er det relativt lett å finne ut hva folk oppfatter som sentrum. For å kjøpe brød og kanskje gebursdagspresanger, går de til butikken i bygdesenteret. Men for å kjøpe seg bil og gå på muséer, må de til byen. Vi kan også sagtens følge veiskilt som viser vei til «sentrum». Men som arkeologer har vi oftest bare sporene i bakken å gå etter. Hvordan vet vi da at sporene stammer fra et sentrum?

Vi har noen kriterier vi kan bruke, med de erfaringer vi har fra sentra som er kjent fra skriftlige og muntlige kilder:

1. det bør ligge geografisk sentralt: i forhold til (gjørne flere) ferdselsårer, som elvoser, dal- og fjordmunninger, ved skipsleden. F.eks. Kuløy, Egge/Steinkjer, Grong.
2. Det må være spor etter virksomhet som har samlet mange folk om aktiviteter (gjørne flere) som betraktes som

sentrumsfunksjoner. Dette kan være aktiviteter som også forekommer i omlandet, men som strekker seg over lengre tid og drives i større omfang i et sentrum (f.eks. religiøs kultus og utveksling av varer og tjenester).

3. Hvis det har vært bosetning på stedet (noe det ikke alltid trenger være), har den vært tettere og dekker et større areal enn bebyggelsen omkring. Sporene i bakken blir derfor flere, mer konsentrert og i et relativt stort område, f.eks. Nidaros og Tjøtta.

Idéer skapes og spres.

Når store folkemengder er samlet, benytter de gjerne samtidig sjansen til å diskutere, spørre etter nyheter, se nye ting osv. Dette gjør at nye idéer skapes og spres fort i og fra sentra. F.eks. har byggingen av Nidarosdomen hatt stor innflytelse på kirkearkitekturen i omlandet. Når sentrene blir store nok, kan de sånn sett betraktes som samfunnets smeltedigel. Men en smeltedigel som er avhengig av impulser fra både land og by, fra inn- og utland.

GRAVFELTET PÅ LØYKJA I SUNNDAL HAR FÅTT SKILT!

Nå har Universitetet i Trondheim, Museet endelig satt opp skilt her som forteller litt om det største gravfeltet på Nordmøre - og ett av de store også i Norges-målestokk.

Det finnes over 200 gravminner her, og

mange av disse er godt synlige. Enda trengs noe rydding av krattskog for å få mest mulig fram i dagen, men det kommer senere.

Ta helgeturen til Løykja - gratis parkering ved gravfeltet!



Arkeologisk utstilling på gamle Kvernes bygdemuseum

Nå er den et faktum! Utstillingen er på plass!

I hele vår har arkeologer fra Museet i Trondheim arbeidet med utstillingen som ble montert og åpnet rett før fellesferien.

Kristian Pettersen

Fra åpningen



ELVEOSAR

– gamle sentra på vandring

Oddmunn Farbregd

Mange forhold er med og avgjer kor det oppstår sentra. Delvis blir stadene bestemt ut frå kva samfunn sentra skal tene. Geografien betyr likevel svært mye. Visse typar landskap peikar seg ut som sentrale stader. Det gjeld m.a. punkt der ferdselsveggar møtest, midtpunkt i busettingsområde, og stader der ein kan kontrollere ressursar.

Utløpet av store elvar dannar knutepunkt for ferdsla mellom fjord og elvedal. Artikkelen handlar om spor etter gamle sentra som ein finn opp langs dei store elvane i Midt-Norge. Elveosane har blitt flytta stadig utover p.g.a. landhevinga, og nye stader har stadig avløst dei som tidlegare var sentra. Ikkje minst i Namdalen kjem mønsteret klart fram.


Utsyn frå innlandet - mot sjøen

Vi står på Sankthanshaugen på Værem, i Grong i Indre Namdalen. Det er ein høg terrasse over den flate dalbotnen der Namsen kroker seg brei og still vestover. Om ein følger elva er det omlag 5 mil til fjorden ved Namsos. Men ein må tenke på sjøen om ein skal forstå det ein ser i landskapet her.

Med unntak av sankthansfeiring ser det ikkje ut til å ha skjedd så mye oppå haugen sia i oldtida. Dess viktigare må plassen ha vore den gongen. Minst 13 store hus sto i ring omkring ein åpen plass. I dag synest jordvollar etter vegane slik heile anlegget vart forlatt og forfall. Gravhaugar ligg på kanten ut mot dalen. Innover moane går det djupe stigar (rideveggar) herifrå i ulike retningar. Det er ei stemning av fjern fortid og løynsfulle hendingar.

Det er ikkje gjort utgravingar på Værem, og det er mange ting ein gjerne skulle finne ut. Men noe veit vi likevel. Tuftene er frå eit ringforma tunanlegg (ringtun), slike som elles finst i Rogaland og Nord-Norge. (sjå side 30). Dei fleste vart bygd i tida ca. 200-500, ser det ut til. Dei var administrative og økonomiske sentra i eit samfunnssystem bygd på høvdingmakt. Handel var ein viktig del av maktgrunnlaget.

I ei viss tid var ringtunet på Værem strategisk plassert til å kontrollere ferdselsveggar mellom kyst og innland. Rett over Namsen frå Værem ligg garden Sem (Sjem, av *Sæheimr*) som tyder *sjø-heim*. På denne garden var det spesiell velstand på ringtunet si tid. Ei rikt utstyrt grav frå omkring år 400 e. Kr. viser det.



Forklaringa på den betydninga Værem og Sem hadde på den tida, gir landhevinga som har skjedd. Den har endra landskapet. Elvenivået her er 9-10 meter over havet i dag. Omkring 200-300 e.Kr. sto sjøen nettopp så mye høgre. Fjordbotnen og elveosen var ved Sem og Værem, som derfor var knutepunkt for ferdsla, eit sentrum for si tid.

Ulike tider og samfunnsformer kan ha ulike former for sentra. Men visse landskapsforhold skaper sentra sjøl om samfunnet og tidene endrast. Munningane av større elvar er ein slik stadig aktuell naturfaktor. Ein båttur nedover Namsen frå Værem viser det klart. Og ein kan sjå på andre elvar i Midt-Norge og ofte finne liknande mønster.

Landhevinga har endra det gamle landskapet

Da istida var slutt, skjedde ei sterk landheving. Den har stadig minka sia. Dei siste tusenåra er det større stigning i innlandet enn ute ved kysten. - Landhevinga for ulike område kan reknast ut på fleire måtar, meir eller mindre nøyaktig. For det tidsrommet og distriktet som her er aktuelt, kan ein nøye seg med omtrentlege tal: Omkring år 0 sto sjøen 8-12 m høgre enn no, og 3-5 m høgre ca. 1000 e.Kr.

Hovudpoenget er enkelt: Dess lenger bakover i tida ein går, dess lenger opp

over land sto sjøen. Fjordane gjekk lenger inn i elvedalane. Men ein kan likevel ikkje heilt automatisk rekne at sjøen gjekk til ein viss stad da og da, om land- eller elvenivå der i dag tilsvarar landhevinga. For mange leiområde har rasa ut, og elvar har ofte skore seg ned etter kvart som landet heva seg. Men det er gode sjansar for å finne eit visst system i utviklinga.

Nedover Namdalen frå Grong

Om vi drar 4 km nedover Namsen frå Værem, kjem vi til Øyem. Ute på eit nes ragar det opp ein gravhaug som er minst 40 m vid og 5 m høg. Arbeidet med å bygge så store gravminne kan det neppe vera andre enn store høvdingar eller kongar som kan få gjort for seg. Kva haugen inneheld er ikkje undersøkt. Men ei rund steinhelle i toppen tyder på at den er frå tida ca. 400-600 e.Kr.


På Veiem ca. 1 km lenger ned vart det i 1976 grave ut ei 4 m lang gravikiste med rikt utstyr, frå slutten av 400-talet. Sjølv gravhaugen hadde ikkje vore større enn 11 m i tverrmål. Mannen som var gravlagt der var kanskje ingen Namdals-konge, men i alle fall ein framstående og velstående person i si tid. Bakgrunnen er truleg at området ved Øyem og Veiem var blitt betydningsfullt fordi elveutløpet hadde flyttast ned hit.

Bertnem er 3 km ned for Veiem. Nær elva her ligg tre storhaugar side om side. Kvar av dei er omlag like store som den på Øyem. Til saman utgjør dei den mest monumentale gruppa av gravminne i Midt-Norge. Ein treng ikkje tvile på at her ligg kongar eller dronningar frå smårike-



Utsyn over elvelandskapet vest- og nedover frå Grong sentrum. Ved Medjå møtest Sanddøla (frå venstre) med Namsen (frå høgre). Herifrå er det over fem mil ut til sjøen ved Namsos. Likevel er fallet i elva berre 14 m. I bronsealderen for 3000 år sia gjekk truleg fjorden inn hit...





Ei 4 m lang gravkiste frå ca. 500 e.Kr. på Veiem, Grong. Kista er her under utgraving, enno ikkje åpna.

tida gravlagt. Og det er naturleg å samanlikne desse haugane med dei på Bore, Gokstad og Oseberg i Vestfold, eller med kongshaugar andre stader i Norden.

Ingen av haugane ser ut til å vera gravd i før. Og ein undrast uvilkårleg kva som ligg gjømt i dei. Så vanleg som det er med båtgraver over alt i Namdalen, ville det vera rart om ikkje ein eller fleire av dei inneheld båt- eller skipsgraver.

Ved sida av den eine er det funne hustuffer frå folkevandringstida. Haugen må vera bygd etter at husa var borte, og derfor etter ca. år 600. På den andre sida sett omtalar sagalitteraturen mange gjæve namdalingar frå vikingtida, men ingen frå Bertnem. Kongsætta på Bertnem rådde derfor helst i merovingartida, ca. 600-800 e. Kr.

Elvenivået ved Bertnem er ca. 4 m, oppe ved Øyem ca. 6. I vikingtida var elveutløpet tydelegvis flytta vekk frå Bertnem, ca. 3 km lenger ned. Her, ved elvenivå ca. 3 m, ligg gardane Melhus og Voll. Dei har ikkje så store gravhaugar som Bertnem, men på båd gardane er det funne rikt utstyrte graver frå vikingtida. Ei grav på Melhus inneheldt mellom mangt anna ei praktfull, sirleg dekorert og forgylt sølvspenne. Den er mellom dei største og finaste i Norden frå den tida. Eit skrin til å oppbevare relikviar (små heilage ting) i, var der også. Det skriv seg frå Irland, og fortel om rikdom og makt som var skaffa på vikingvis, ved å plyndre kyrkjer og kloster.

Kristninga av landet kring år 1000 gjorde slutt på gravhaugane og skikken med utstyr i gravene. Så ein kan ikkje


lenger bruke slike ting til å etterspore kor maktssentra låg. Det kan derimot dei eldste og viktigaste kyrkjene. Dei vart ofte sett opp på sentrale storgardar som dei første rikskongane slo under seg. Hovudkyrkja for øvre halvdel av Namdalen (Overhalla) vart bygd på Ranem, noen km lenger ned frå Voll.

Ranem vart truleg verande sentrum gjennom heile mellomalderen. Like ved renn sideelva Bjøra saman med Namsen. Også på den måten hadde Ranem ei


viktig plassering. Og staden er i vår tid kommunesentrum i Overhalla.

Men elveosen forsvann vestover framleis. Ei bergsperring heva seg opp av sjønivået - Hylla ved Sellæg. Det vart farlegaste punktet for ferdsla på Namsen. Da det på 1600-talet vaks fram ein marknadsplass i dalen, vart den lagt på Mælen 3 km lenger ut for Sellæg-hylla.

Neste og hittil siste etappe skjedde i 1845. Namdalen fekk kjøpstad. Den trong skikkeleg skipshamn, og vart plas-



Stor gravhaug på Øyem, Grong. (Foto Isak Jørum 1916).



gått heilt opp til Byafossen. Mellom sjøen og Reinsvatnet vart det ei landtunge ved fossen og det er nok eidet. Det vart eit viktig knute- og kontrollpunkt i ferdsla både med båt frå sjøen til vatna innafør, men også på tvers, over land frå nord til sør.

Her finn ein også gardsnamnet By. Liksom Bø tyder det *gard* endefram. Gardar med dette namnet er som regel av dei eldste og mest sentrale i sitt miljø. Og ved Byafossen har det vore eit maktsentrum av dei fremste i Trøndelag i eldre jernalder. Det vitnar dei storslåtte fornminna på Helge om. I tillegg til mange fornminne oppover Helgesmarka, ligg dei største og finaste nede på «eidet»: 2

bautasteinar som er 5-6 m høge, 3 gravhaugar med tverrmål 30-40 m, høgd ca. 2.5 - 5 m, og ein type steinmuranlegg som er ein spesialitet på noen få ærverdige gravfelt i Steinkjerområdet. Steinringar og steinsettingar kunne ein også sjå her i førre hundreåret.

Både funn av leirkar i ein av haugane og andre trekk ved desse minnemerka gjer at dei kan daterast til romartid og/eller folkevandringstid.

Det er underleg å lesa korleis den gamle føregangsmannen i antikvarisk forskning, L. D. Klüwer, tenkte om staden Helge. I si kjente bok «Norske Mindesmærker» frå 1823 skriv han mellom anna: «Efter al Sandsynlighed har denne Fjord

sert så langt ut at elveavsetningane er slutt og Namsen blir djup fjord.


Det nye sentret i Namdalen fekk namnet Namsos rett og slett. Mange i den lange rekka av eldre sentra oppover i dalen kunne vel med ein viss grunn ha heitt det same i si tid.

Etter ein slik tur på Namsen gjennom hundreåra blir ein verkeleg spent på korleis det er ved andre viktige elveosar.

«Byane» ved Steinkjerelva

Steinkjerelva (Bya) er verken lang eller stor. Da Steinkjer vart ladested i 1857 var den 5 km lange elvestubben inga ferdselsåre. Men den er slutten på eit stort innsjøsystem som i slutten av steinalderen var ein stor fjordarm ca. 50 km inn til Sem i Snåsa. Seinare vart fjorden til Snåsavatnet (22 m.o.h.), Fossemvatnet (18 m) og Reinsvatnet (18 m). Frå Reinsvatnet er det foss (Byafossen) ned til eit elvenivå 9-10 m nedafor.

Ved nedreenden av Reinsvatnet ligg gardane Rein, By og Helge. Det siste namnet kjem av *Helg-eid*, - det heilage eidet. Det får god meining når ein tenker på landskapet her i hundreåra like etter Kr.f. (romartida). Fjorden har da truleg





Praktspenne funne i ei rikt utstyrt grav på Melhus, Overhalla. Spenna er av forgyldt sølv og måler 24 cm i lengd. Grava er tidfesta til ca. 800 e. Kr. (Foto Per E. Fredriksen).

(Steenkjær-Fjorden) i de ældre Tider gaaet under Gaardene By, Helge, Rise, Gjældvold og Scheffe, gennem et Sund mellem gamle Steenkjær og Hegg-Bakkerne, hvor nu Elven løber; og saaledes har da Helge ligget lige ned i Søen, . . . ligesom Thingstedet ved Hegge, og gamle Steenkjær, da disse Steder, paa en ubetydelig Forskjel nær, ligge lige høit over søen.»

Berre ei halv mil unna Helge ligg kanskje det største av høvdingseta i Inn-Trøndelag, Egge. Også der er det stor-slåtte graver og rike funn frå romartida. Det er litt merkeleg at to slike store sentra kunne eksistere samtidig så nær kvarandre. Men dei kontrollerte vel kvar sine oppland. I tillegg kan dei også ha hatt delvis ulike funksjonar.

Landhevinga gjorde med tida Helge mindre betydningsfull. Aller først på 1000-talet skal ladejarlane Eirik og Svein ha prøvd å reise kjøpstad på Steinkjer. Det var tydelegvis eit mottrekk mot den kaupangen som Olav Trygvesson satsa på ved Nidelva. Eksperimentet på Steinkjer vart kortvarig og mislykka. Om gamle Steinkjer veit vi i dag mindre enn Klüwer meinte å veta omkring 1820:

«Af gamle Steenkjær, hvoraf Størstedelen, om ikke Alt, har ligget paa venstre Side, altsaa i Sparboens Præstegjæld, sees kun enkelte Stene og Fordybninger efter Huse tilbage. Dette Sted, som før laae ved Søen, er nu omtrent 800 Alen derfra. Saameget har altsaa det faste land paa dette Sted tiltaget i 7 a 800 Aar.»

Det ville stemme godt at kaupangen frå sagatida låg eit stykke lenger opp langs elva frå der utløpet - og den moderne Steinkjer - no er.

Verdalen: Stiklestad var ein lagleg slagplass . . .

Nedafor Vuku kan Verdalselva minne mye om Namsen. På 17 km ut til fjorden er fallet i elva berre 15 meter. Dalen er vid og elva brei og krokete.

Funn og fornminne i Verdalen viser fort at det ikkje berre er elveutløpet som har skapt sentra, makt og velstand. Her kan ein samanlikne korleis mange ulike landskapsforhold skaper *midtpunkt*, *møtestader*, *skjeringspunkt*, *samlingspunkt* og *tyngdepunkt* i ferdsel og busetting. Desse orda fortel om ein del litt ulike meiningar som ein kan legge i begrepet *sentrum*.

Det er likevel elveutløpet som interesserer i denne samanhengen. Verdalsøra er i vår tid blitt eit av dei store «vekstsentra» i Midt-Norge. Bygdesentret Verdalsøra frå dei siste hundreåra har fått ein ny utløpar i industriområdet utover Ørin, som umerkeleg har heva seg opp av sjøen.

Går vi bakover i tida, finn vi som venta eit sentrum lenger opp. Det var Haug nær Stiklestad. Elva svinga tidlegare inn hit. Haug var kongsgard i kristningstida, og fekk hovudkyrkja i Verdøla-fylke. Når det store slaget sto nettopp på Stiklestad i 1030, var nok ein viktig grunn at ein

kunne segle opp i elveosen omlag her. Men også vegen over land frå Sparbu i nord kjem ned hit. Her kunne ein naturleg samlast og fylke bondehæren.

I Stiklestadområdet har det vore mange og til dels store gravhaugar. Dei største er truleg dei tre som enno ligg inne i skogen ein dryg kilometer SA for kyrkja, ved Heggstad. Dei er 35-45 m vide, 4,5-6 m høge. Dei liknar altså på Bertnemshaugane i Namdalen, og markerer på same måte eit høvdingsete eller ein kongsgard. Hustufter etter garden der synest å ha form frå yngre jernalder. Elvenivået her er 3 m.o.h. i dag.

Ein annan stad som utmerker seg med to gravhaugar i småkongeklassen, ligg 5 km lenger opp, på ein høg terrasse ved elva. Haugane er ca. 40 og 30 m vide, 5-6 meter høge, og ligg ved elvenivå 7 meter. Gardane her heiter Melby, Sundby og Østgård. Namna fortel at dei er delar av ein gammal storgard som har heitt By. Ein kan tenke seg at garden hadde si stortid i eldre jernalder. Undersøkingar i framtida går vise om det stemmer.

Stjørdalen: Elva har tatt med seg dei gamle minnesmerka og

Ikkje minst i den breie, slakke Stjørdalen har elva endra naturen og kulturlandskapet. Medan landet har heva seg, har elva arbeidd, stadig endra far. Og store leiområde har rasa ut gong på gong gjennom hundreåra.

I dag ligg sentrum på Stjørdalshalsen,

slik det voks fram på 1700-talet. Berre 1 km unna ligg Værnes med flyplassen. Her var truleg elveutløpet for tusen år sia. Fleire ting tyder på det. På flyplassområdet var eit stort gravfelt med spesielt fine funn frå vikingtida. Fylkeskyrkja for Stjørdølafylke vart lagt her, og storfolk frå Værnes er nemnt i sagaer. Også i nabola- get viser gravfunna at her var makt og velstand i bygda konsentrert i vikingtida. Ein gard heiter Husby. Namnet fortel truleg at staden var eit administrasjonssentrum den gongen.

Elveflom og ras har ødelagt dei fleste forminna oppover Stjørdalen. Her kan stadnamn meir enn arkeologi fortelle historia bakover. Ca. 4 km inn for Værnes og Husby ligg gardane Berg, Haug, Voll, Hove og Hofstad. Dei tre første er enkle naturnamn, og utgjer eit tyngdepunkt i busettinga frå eldre jernalder. Hove og Hofstad fortel at det var eit kultsentrum i dette miljøet.

Ved Hegra kyrkje ca. 5 km lenger opp er elvenivået 8-10 m. Her er næraste tilknytninga til hoveddalføret frå Skjølstadmarka. Den markante konsentrasjonen av store bergkunstfelt frå bronsealderen viser truleg eit sentrum ved elveosen slik den var i bronsealder- landskapet. På den måten kjem vi kanskje eit ekstra steg bakover her i Stjørdalen med å finne sentra ved elveut- løp.


Nidelva og Nidaros: Eit spesialtilfelle?

Det viktigaste sentret ved elveos i Midt-Norge er sjølsagt Trondheim. I mellomalderen vart byen kalla Nidaros - Nidelv-osen. Her skulle ein kanskje vente å finne eldre forgjengarar, etter møn- steret frå Nord-Trøndelag. Men nei, her er det mye som er annleis.

Jarlesetet på Lade, som i alle fall var eit hundreår eldre enn byen, låg lenger ute, på Ladehalvøya. Verken Lade eller byen har noen opplagte forgjengarar. Byen vart grunnlagt for tusen år sia. Både byen og elveutløpet ligg enno på same stad, sjøl om landet har heva seg omlag 4 meter.

Det kan nok vera flere grunnar til at det vanlege mønstret ikkje finst her. Trass i at Nidelva gir tilknytning mellom fjorden og den store Selbusjøen, var elva inga viktig ferdsselsåre. Først og fremst skyldest det dei store Leirfossane. Og om sjøen i jernalderen har gått innover mot den nedre fossen, er landskapet for trangt til at eit sentrum kunne utvikle seg her.

Det interessante med Trondheimsom- rådet kan vera nettopp at det ikkje var eit



etablert sentrum her i det gamle samfun- net før rikssamlinga. På Lade var det plass til å opprette sete for kongen sin jarl, som motvekt til dei gamle høvding- seta innover fjorden. Staden ga god kon- troll med ferdsla på heile Trondheims- fjorden.

Jarleætta kom etter kvart til å stille på parti med dei gamle storbøndene i lands- delen. Truleg veks ikkje kjøpstaden ved Nidelva fram som eit naturleg produkt av jarlesetet. Heller var det kongen som planta enda ein nyskaping her: Byen, som middel til ei økonomisk nyordning i statssamfunnet som var under oppbyg- ging.

Av sagaene får ein inntrykk av at lade- jarlane ikkje hadde interesse av byen her. Det var kongsmakta ved Olav Trygves- son og Olav Haraldsson som bygde seg eit nytt maktsentrum som låg lagleg til for å kontrollere både jarlesetet og heile Inn-Trøndelag. Det var ikkje Nidelva som ferselsåre som hadde betydning. Men elveosen var ei god hamn strategisk plassert i ytre del av fjorden, og dessuten


med god landvegs kontakt til Sør-Norge. - Dette er imidlertid eitt av fleire syn på kvifor og korleis Nidaros oppsto. Under- søkingane i mellomalderbyen kan mel- lom anna gi svar på desse spørsmåla. Jfr. s. 22

Gauldalen: Også eit avvikande tilfelle?

Kanskje er det nærleiken til Trondheim som har gjort at det ikkje er blitt eit moderne sentrum ved Gaul-osen. Men i si tid skapte tydelegvis elveosen Melhus som sentrum i det store dalføret.

Melhus markerer seg sterkt i vikingti- da. Ei praktspenne liknande den frå Mel- hus i Overhalla er funne her og skriv seg frå omkring år 800. Asbjørn frå Medalhus er kjent frå sagaen om Håkon den gode, som bondehovding på 900-talet. På Gimsan like ved satt ei høvding-ætt, og i





-STORFOLK SINE UTANLANDSKE SMÅTING-



Hengesmykke av edelmetall frå rike gravfunn i Romsdalen T.v.: Falsk mynt av ekte gull - «Barbarisk» etterlikning av romersk mynt med bilde av keisar Magnentius (350-53 e. Kr.) Frå grav på Åk, Rauma k. - I midten: Arabisk sølv medaljong funne i grav på Tomberg, Rauma k. - T.h.: To tyske sølvmyntar frå same grava på Tomberg, frå ca. 1000 e.Kr.

den var det Einar Tambarskjelve som på 1000-talet gjorde mest av seg.

Men Gimsan hadde vore eit maktsentrum nesten tusen år tidligare. Eit rikt utstyrt gravfunn frå romartida fortel om det. Eigentleg skulle ein vente å finne slike vitnemål lenger oppe, kanskje ved nivå 7-10 meter. Der kjem ein til Gravråk. Men denne garden har derimot eit funn med staseleg sverd fra vikingtida.

Det er sjølsagt fleire ting vi ikkje veit: Kva funn og fornminne som er gått tapt, og kva som enno ikkje er funne. Men kanskje kan elvosen her liksom i Trondheim ha blitt liggande på same stad gjennom lang tid, ved at elva stadig skar seg ned når landet heva seg.

Likevel kan det godt vera andre faktorar enn elveosen som har gjort Melhus til eit så seigilva sentrum. Kanskje er det tale om tilknytning til ferselsvegar over land, t.d. til Hølanda og til Klæbu/Selbusjøen.

Orkdalen og Sunndalen er store og interessante elvedalar på line med dei andre. Når dei ikkje blir omtala, er det fordi det arkeologiske materialet er svært redusert i Orkdalen, og fordi elva Driva i Sunndalen har relativt stort fall nær utløpet.

Romsdalen

Åndalsnes ligg ved Rauma sitt utløp i fjorden i dag. Før denne moderne tettstaden var Devoll 3 km lenger inn marknadsplass i Romsdalen. Over elva herifrå låg hovudkyrkja frå mellomalderen, på Grytten.

Dalføret er svært rikt på gravfunn frå jernalderen. Og ei viss gruppering kan ein sjå: Dei rike funna frå folkevandrings-tid kjem frå Åk og Hole. Eitt av dei finare vikingtidsfunna er gjort på Tomberg mellom desse stadene. Og det aller mest praktfulle vikingtidsfunnet er frå Setnes ute ved Åndalsnes. Her er det altså tale om ei *gjennomsnittleg* forskyvning i forekomstane. Kanskje kan ein seie at det same kjem til uttrykk i dei største gravfeltene i dalen: Det på Sogge nede ved Devoll og Grytten har gitt funn vesentleg

frå vikingtida. På Horgheimseidet ca. 7 km lenger opp langs elva ligg over hundre gravanlegg på eitt felt, dei fleste helst frå eldre jernalder.

Staden ligg i dag utan busetting, utan spesiell betydning. Her melder same tankane seg som på Værem i Grong: Kvifor var dette ein viktig plass i oldtida? Kva var annleis da? - Igjen er det nok landhevinga som er viktigaste forklaringa.



Prydspenne av forgyldt sølv funne i ei grav på Hole, Rauma k. Grava er frå ca. 500 e.Kr. og inneheldt mellom anna del av eit glasbeger.

Kanskje skal ein tenke seg tilbake heilt til bronsealderen. Sjøen sto da ca. 15 m. høgre enn i dag. Da har truleg fjordbotnen vore heilt inne ved dei store elvestryka og bakken ned frå terrassen på Horgheimseidet. Garden her var knutepunktet mellom fjord og dal.

Sjøl om sjøen i eldre jernalder trekte seg ned under 10-metersnivået ved Fiva og Venja, kan enno garden på Horgheimseidet ha greidd å halde kontakten og kontrollen. Forma på dei forlatte hustuftene innimellom gravanlegga tyder på at det var i yngre jernalder at taket glapp og den gamle maktposisjonen var heilt slutt.

Gravfeltet på Horgheimseidet inneheld ei mengd små, flate steinlegningar som er karakteristiske for tidleg jernalder. Sjansen for at det også finst graver og busettingsspor samanhengande tilbake til bronsealderen gjer fornminna her spesielt viktige i norsk arkeologi.

Eit mønster som fører til nye spørsmål og forskningsoppgåver

Ingen andre stader ser ein stadig flytting av sentrum ved elveutløpet så tydeleg som i Namdalen. Men til ein viss grad finst mønsteret att ved dei fleste større elvane i Midt-Norge. Nidelva og Gaula er interessante unntak. Dei kan vera viktige utgangspunkt for å vurdere andre landskapsfaktorar som også hadde betydning for plassering av sentra.

Ved fleire av elvane vil det vera eit logisk skritt vidare å leite opp spor etter enda eldre sentra. I bronsealderen med omfattande ferdsel og handel sjøvegen må ein tru elveosane har hatt betydning som sentrale stader. Det same kan ha vore tilfelle i slutten av steinalderen og.

Når det er ein serie av ulike sentra i same området gjennom eit langt tidsrom, kan ein gjera analysar vidare. Type sentrum kan settast i samband med samfunnet som det er del av. Å studere endringar både i sentra og samfunn gjennom tidene er eitt av måla med forskningsprogrammet «Gamle sentra» som arkeologien i Trondheim arbeider med.



TIL SPOR

Registrering på Sund i Leirfjord på Helgeland er foretatt. Utgravinger ligger sikkert langt fram i tida?

Det dreier seg sikkert ikke om de mest interessante felter i museums-distriktet. Likevel er fastboende såvel som andre interesserte, nysgjerrige på hva jorda skjuler?

Mitt spørsmål er om arkeologene har planer om utgravning på Sund med det første? Dessuten om området regnes som interessant?

Beste hilsen
Ingulf Ingulfsen

Svar:

Det er ikke så sjelden vi arkeologer får spørsmål som dette, og det er nærliggende å tenke at når vi først har oppdaget spor fra fortiden, så må vi jo også grave dem ut! Det er bare det at sporene er langt mere tallrike enn det vi har muligheter for å grave opp, selv om vi gjerne hadde ønsket det.

En arkeologisk undersøkelse er, som det aller meste i vår tid, svært kostbar og derfor blir det bare det mest nødvendige som blir gravd, og knapt nok det. Det som graves er først og fremst fornminner som ligger i veien for annen virksomhet og som derfor i henhold til Kulturminneloven, må frigis og i så fall undersøkes og fjernes. Det er bare i mer sjeldne tilfeller vi graver fritt valgte fornminner ut fra spesielle ønsker og problemstillinger. Og for å få penger til dette, må vi som regel gå utenom de ordinære bevilgningene, til forskningsråd eller ulike slags fondsmidler. Derfor unngår de aller fleste av våre fornminner arkeologiske undersøkelser.

Vårt svar på innsenderens spørsmål blir derfor at med mindre det er konkrete

utbyggingsplaner som berører de registrerte fornminnene på Sund, vil det ikke bli foretatt noen gravninger her.

Området fremhever seg kanskje ikke som spesielt interessant i arkeologisk sammenheng. Likevel ville utgravninger på Sund være verdifulle for å belyse i alle fall to konkrete spørsmål: Vil den gravrøysa som er registrert kunne dateres til bronsealder/tidlig jernalder? I så fall vil dette bekrefte antagelsen i Leirfjord bygdebok at Sund hadde gårdsbosetning i eldre jernalder, kanskje allerede helt tilbake i bronsealderen. Datering av de to fangstgropene som er registrert på Sund kan bekrefte/avsnitte antagelsen (også i Leirfjord bygdebok) at disse er fra yngre steinalder. Resultatene vil også få en viss betydning for tolkning av lignende tilfeller i andre områder, både i og utenfor Leirfjord kommune.

KSB.

Til redaksjonen av «SPOR»

Tusen takk for interessant blad. Det har fylt ut hull i mine kunnskaper om fortiden.

Men det er noe jeg undres på. Hvorfor bruker dere (enkelte) tidsangivelsen *før nåtid* i stedet for *før eller etter Kr.f.*? Jeg synes det er forvirrende. Dessuten må det da være upraktisk. Det som i dag er 700 år før nåtid må om 100 år rettes til 800 år før nåtid.

Vennlig hilsen A.K.H.

Svar:

A.K.H.'s spørsmål får meg til å tenke på historien om han som kunne fortelle at bergknausen i hagen var 20 000 023 år gammel. «Men hvordan kan du vite alderen så nøyaktig?» spurte en tydelig imponert tilhører. «Jo, - for 23 år siden var det en geolog her, som fortalte at knausen var 20 millioner år gammel».


AKH er i selskap med de fleste arkeologer når det gjelder forvirringen over bruken av to ulike «0-punkt» når det er snakk om alder. Bruken av «Før nåtid» har sammenheng med ^{14}C -datering, eller «radiologisk datering» - en avansert metode for å finne fram til alderen på organisk materiale. Metoden ble kort forklart i forrige nr. av SPOR. I alle levende organismer finnes en bestemt mengde radioaktivt carbon (kullstoff, ^{14}C). Når organismen dør starter nedbrytningen av ^{14}C , etter ca. 5570 år er det bare halvparten igjen. Ved å måle innholdet av ^{14}C i en trekullbit fra steinaldermannens ildsted, kan man altså beregne «dødsøyeblikket» for tverirket som er brent, innenfor en nøyaktighet på rundt 100-200 år.

Men hvorfor ikke trekke fra 1986 og oppgi alderen «før Kristus»? Radiologisk datering av årringer i gamle trestammer, hvor den eksakte alderen er kjent, har vist at det ikke er helt samsvar mellom «kalenderår» og « ^{14}C år». Ved hjelp av slike årringsdateringer har man kunnet omjustere (kalibrere) ^{14}C tidsskalaen til kalenderår tilbake til 5-6000 år før Kristus. Særlig i eldre steinalder blir det en viss skjevhet, slik at f.eks. kull fra et ildsted ^{14}C -datert ca. 5500 før nåtid ikke skriver seg fra ca. 3500 f.Kr., som man skulle tro, men fra ca. 4500 f.Kr. (Se forøvrig tabell med inndeling i tidsaldre foran i bladet.)

For at vi ikke skal blande sammen disse tidsskalaene er vi blitt enige om å si «Før nåtid» når det er snakk om ^{14}C -år og «Før/etter Kristus» om kalenderår.

Problemet med den årlige justeringen av alle «Før-nåtid-dateringer» er løst ved å fryse «nåtid» ved 1950, som er det året ^{14}C -metoden først ble tatt i bruk. Hvilke konsekvenser dette kan få for grammatikkundervisningen, skal være usagt - man slipper ialle fall omregningstabell når man leser eldre historiebøker.

HBB



Kulisteinen

KULØY

-sentralt i går, utkant i dag

Av Kristian Pettersen

I dag strever våre utkantstrøk ofte med store problemer, det være seg sysselsetting, kommunikasjoner eller økonomi. Men slik har det ikke alltid vært. Enkelte områder som i dag er perifere var for et par mannsalder tilbake sentrale. Overgangen til landverts trafikk førte mange steder til at bygda falt i bakleksa og bukket under til slutt. Kysten og særlig kystleia, var det sentrale inntil tog, bil og fly kom inn og båttrafikken avtok.

Dette er beretningen om Kuløya i Smøla, som fra langt tilbake i tida var et sentralt område ved kysten, men som senere ble nesten avfolket.

1987. Et merkeår for Kuløya.

Neste år blir et helt spesielt år for Kuløya. Da kan en kjøre hit med bil fra Innsmøla. I dag hører en bulderet fra anleggsmaskiner, og Kuløya som siden tidenes morgen har vært omflødd, blir sakte men sikkert bundet fast til resten av Smøla. Fra å ligge ytterst i periferien vil Kuløya igjen bli mer sentral og interessant, sett med nåtidens øyne. Og når det sies «igjen», så henspiller det på at området her en gang var virkelig sentralt.

Bosetningen på øya starter i steinalderen, og vi kan følge den videre i spredte glimt til jernalderen begynner. Men så, antakelig i løpet av de første hundreårene etter Kristi fødsel, begynner øya å markere seg. Denne markeringen synes å vare ved helt til slutten av forhistorisk tid, bortimot tusen år senere.

I dag bor det her bare én familie på fem. Færre mennesker har det neppe noen sinne bodd her.

Bonden her ute, Tore Kuløy, er et levende bevis på den tradisjon som må ha vært til stede her. Han beretter med stolthet om navntradisjonene i familien. Han og hans bror, Hallvard Kuløy, er siste gren på stammen av en lang rekke personer, besteforeldre, oldeforeldre, tippeoldeforeldre som hette Tore og Hallvard.

Kulisteinen.

Når en kommer til Kuløya og blir gjestfritt mottatt, må en alltid gå forbi Kulisteinen som står ved gårdsveien. Riktignok er det en kopi, men rimelig bra utført. Originalen står på Museet i Trondheim. Dette er et av de tidligste kristne monumenter i Norge. På steinen er det innhogd et kors og to runerekker. Tydingen av disse er:

«Tore og Hallvard reiste denne steinen etter Ulv...
Tolv vintre hadde kristendommen vært i Norge.»



Tore Kuløy forteller om forgangne tider på Kuløya.

Tore og Hallvard? Men var ikke det...? Jo, nettopp! Her får en seg virkelig noe å spekulere over.

Faktum er imidlertid at dagens Tore og Hallvard begge ble båret til dåpen lenge før runene ble tydet, i 1956.

De fleste forskerne mener at Kulisteinen etter sin tekst må være satt opp en gang under de første kristningsforsøk av Norge, i Olav Trygvassons regjeringstid. Det vil da si rundt år 1000. En bekreftelse på dette gir et antatt broanlegg som ble utgravd i nærheten av steinen i 1984. Datering av trevirke i en stokk fra brofundamentet etter ^{14}C metoden ga som resultat 995 ± 65 år e.Kr.f. Dette anlegget var svært egenartet. Det kan ha gått fra den umiddelbare nærhet av Kulisteinen og over et myrparti.

Allerede dette første møtet med forhistorien på Kuløy, med Kulisteinen, slår an tonen for det spesielle med Kuløy-gården: Runesteiner er det langt mellom i

Norge og dette er den eneste som i dag finnes på Nordmøre. Her har det vært besøk av skrivekyndig folk, i en tid da praktisk talt alle var analfabeter.

Gravfeltene.

Men Kuløy-gården rommer så mye mer enn dette. I løpet av de siste par årene har Museet foretatt registreringer og utgravninger her. Og vi er blitt mer og mer forundret etter hvert som eiendommelige ting har dukket opp. Og vi har spurt oss selv: «Hva har skjedd på Kuløya?»

Foruten gravhauger, til dels av monumental størrelse, spredt rundt på øya, fins det fem gravfeltet nærmest på rekke og rad på østsiden av øya. Og har en stått og måpt foran Kulisteinen, ja, så sperrer en øynene enda mer opp etter et kvarters fottur mot nordøst. Her ligger det svære gravhauger opptil flere meter høye, som kupler i det flate terrenget. Her fins flere rekker med lave steinringer

ved siden av hverandre, steinstrenger bortetter bakken, en nærmest båtformet steinlegning og helt ned til en to-tre steiner satt mot hverandre. Her er felter med lange sigar-formede hauger, og et felt med et tjuetalls små «tuer» nesten ikke verdt å kalle hauger. Alt dette er graver. Og enda har vi ikke sett det merkeligste: Firkantede, avlange steinsetninger som ligner hustuffer, men som utvilsomt er gravanlegg og en steinring med en reist hvitaktig stein i midten. Utvilsomt et gravanlegg dette også, men lokalt kalt for offersted, og det kan det meget godt ha vært. Selv de mest priprne jomfruer vil kunne forestille seg den reiste steinen som en fallos, en steinpenis, og blygt slå blikket ned.

Og Kuløy-gården rommer mer. Selve gårdshusene fra den gamle gården har vi imidlertid ikke funnet tuftene av, men det er trolig at de kan ha ligget der gården ligger i dag.



Fra utgravingen av broanlegget. Ovenfor ser en to steinsatte fundamentstokker. Til høyre er endel av anlegget utgravd. Hvem skulle tro at slike merkelige ting skjulte seg i myra?

Et senter.

Ut fra vår viten om gravanleggene og de få oldfunn vi har herfra, kan vi konkludere med at det sannsynligvis har vært kontinuitet i bosetningen her ute over mange hundre år.

Den langvarige, stabile bosetningen, den datidige sentrale beliggenhet ved skipsleia, noen av gravanleggenes monumen-

tale størrelse, den gunstige topografien og ikke minst runesteinen, peker ut Kuløy som et spesielt sted. Kanskje det mest spesielle i jernalderen i et område som omfatter Smøla og samtlige nabokommuner.

Hvordan skal vi så tolke dette?

Foruten gravminnene selv og beliggenheten, har vi ett gravfunn å støtte oss til,

fra et av gravfeltene på østsiden. I 1870 ble det foretatt utgraving her, og det ble funnet en mannsgrav fra vikingtiden. Foruten de brente beina av et menneske fant en et tveegget sverd, en spydspiss, ei fil, et sigdblad, et par brynesteiner og ei bronsenål med en ring i enden.

Den nærmeste tolkning vi kan komme inn på, blir at vi her befinner oss på en storgård, kanskje et høvdingsete? En har



hatt makt og ressurser her til å få oppført store, arbeidskrevende gravminner og også hatt overskudd til å få gitt en skriftlig overlevering til framtida. Gården må allerede tidlig, sannsynligvis med de første spirer allerede i slutten av steinalderen, være skapt ved gunstig beliggenhet, topografi og jordsmonn. Her var en nært ved leia, ved handel og kontakt med omverdenen og kunne utøve kontroll med ferdsele. Fiske og fangst på «heimsjyen» i skjermet farvann nordvest for Kuløy, hører kanskje også med i bildet. Den merkelige, falloslignende steinen ut mot nordspissen av Kuløy gir oss også assosiasjoner til stedet som et kultsted, et sted hvor en ofret til høyere makter for grøde på åkeren, i sjøen og blant menneskene.




I de senere årene er vi blitt oppmerksom på at gamle tunområder kan ha vært bebodd alt fra middelalder og til dels så langt tilbake som til jernalderen. Slike gamle tun er ofte fortsatt bebygget, og dette er grunnen til at en tidligere ikke har vært så oppmerksom på disse. På tunene kan det ha dannet seg meter-tykke jordlag som er kommet til gjennom menneskelig virksomhet. Slike tun kaller vi gardshauger. Jordlagene eller kulturlagene består av husrester, brannlag, avfall av forskjellig slag, påfyllingslag og pløyselag. Gardshaugene omfatter et

begrenset, sammenhengende område. Ofte er det fortsatt gardstun på stedet, men det kan også være flyttet slik at gardshaugen i dag ligger øde. Svært ofte har stedene hvor alle brukene på en gard sto samlet før utskiftingen i slutten av 1800-tallet (fellestunene), lang bosetningstradisjon. Ofte finner vi gardshauger nettopp på disse tunene.

Gardshaugene vil kunne fortelle mye om hvordan menneskene har levd på et sted gjennom mange hundre år. De vil kunne fortelle om fiske og jordbruk, hvordan en bygget husene, hva en spiste, om husflid, handel og håndverk. En undersøkelse av gardshaugene på Tjøtta og på øyene rundt, vil kunne gi oss viktige holdpunkter om bosetningens karakter og omfang i området på Tjøtta-høvdingens tid, dersom bosetningsslagene kan følges helt tilbake til 1000-tallet. Vi må tro at livet på et høvdingsete som Tjøtta skilte seg en del fra livet på øyene rundt. Et viktig spørsmål er om vi ved gardshaugundersøkelsene kan spore disse forskjellene. Vitner de om større velstand og mer

allsidig og utadrettet virksomhet på høvdingsetet enn på de øvrige boplassene?

Gardshauger på øyene rundt Tjøtta


Før undersøkelsene startet var det ikke kjent noen gardshauger på øyene i dette området. Vi hadde imidlertid en del holdpunkter å gå ut fra. Disse var:

- Opplysninger om fellestun
 - Garder nevnt i historiske kilder fra middelalder
 - Gardsnavn som etter sin karakter synes å være gamle og navn på bruk eller jordstykker (f.eks. Gammelgården, Gården, Toften)
 - Funn fra middelalderen
 - Opplysninger om tykke svartjordslag
- Med hjelp av disse opplysningene ble det funnet seks gardshauger på øyene rundt Tjøtta. Disse ligger på gardene Flatøy, Bøen, Røyen, Blomsøy, Offerøy og Svinnes. De omfatter fra 900-3000 m² store områder. I alle er det gravd et ca. 1 x 1,5 m stort felt, der kulturlaget var tykkest. Kulturlagets tykkelse varierte mellom 70 og 120 cm.

Innholdet i de undersøkte feltene varierte endel fra gardshaug til gardshaug p.g.a. at bevaringsforholdene var forskjellige. På Blomsøy var det bevart mye mer bein etter måltider enn i de øvrige. Spesielt for denne gardshaugen er store mengder skjell, særlig strandsnegler, og fiskebein. De visste tydeligvis å sette pris på sjøens delikatesser den gangen! Blomsøy er den av gardshaugene som ligger lengst ut mot ytterkysten.

Det ble funnet få gjenstander i disse gardshaugene, bortsett fra i de øverste lagene. Her ble det funnet fragmenter av bl.a. jern, keramikk, glass, tegl og kritt-piper fra de seneste århundrene. De fleste funnene nedover i lagene besto, foruten av beinavfall, av fragmenter av kleberstein. På øyene innenfor Tjøtta er det flere klebersteinsbrudd. Det falt seg sikkert rimeligere å bruke kar og gryter fra disse bruddene, enn å bruke importert keramikk.

For å få vite hvor gamle de eldste bosetningssporene i gardshaugene er, ble det tatt ut prøver av trekull, tre eller bein fra det underste laget til datering etter ¹⁴C metoden. Foreløpige resultater tyder på at en begynte å bo på gardshaugområdene på Flatøy og Blomsøy allerede i



løpet av 500-700-tallet e.Kr., dvs. allerede i jernalderen.

Gjør vi i dag et snitt gjennom kulturlaget i gardshaugen på Flatøy som nå ligger i dyrkamark, ser vi at dette er delt i få lag. Lagene under det øverste pløyselaget er dannet i løpet av en periode på ca. 400 år. Bunnlaget er foreløpig datert til 700-tallet. Flatøya har imidlertid vært brukt av mennesker før en bosatte seg i gards-

haugområdet. Dette viser blant annet en helleristning fra bronsealderen.

Alle de omtalte gardshaugene ligger på de større øyene rundt Tjøtta nær gode beiter og med jord nok for åkerbruk. Fisket hadde likevel størst økonomisk betydning, både for den daglige husholdningen og etter hvert også for markedshandel, noe som også funnene i disse gardshaugene tyder på.

TJØTTAØYENE OG HØVDINGMAKT FOR

Av Birgitta Wik

TUSEN ÅR SIDEN

På de mindre øyene utenfor Tjøtta er det hittil ikke funnet gardshauger. Her er det også gode fiskemuligheter, men forholdene for fehold og spesielt jordbruk er dårligere. For at en skal få gardshaugbosetning ser det ut til at det må være muligheter for jordbruk i tillegg til fiske. Gode havneforhold er også en forutsetning. En kan imidlertid tenke seg en mer sesongmessig utnyttning av disse øyene, som ikke resulterte i gardshaugbosetning.

Tjøtta - et maktsenter

Tjøtta er en av de største øyene ved utløpet av Vefsnfjorden. Det er mange tegn som viser at Tjøtta var et senter i området alt fra jernalderen. Fra nyere tid kjenner vi Tjøtta som hovedgarden i Tjøtta-godset.

På Tjøtta er det svære gravfelt med til dels kjempehauger og store bautasteiner, som viser at mektige mennesker bodde her. Ca. 500 m fra hovedgarden ligger ca. 12 hustuffer i en krets med gavlene vendt inn mot et tun. Slike tuftanlegg kalles for ringformede tunanlegg, og de finner en i Nord-Norge på gardar som på mange måter peker seg ut som storgarder i jernalderen. Et tilsvarende anlegg finnes f.eks. på garden Hov på Løkta. Her er det også svære gravhauger.

Tjøtta er vel kjent som en storgard ved vikingtidens slutt fra Snorres Kongesagaer. Hårek på Tjøtta sies da å ha vært stormannen her, og kanskje før det hans far, Øyvind Skaldespiller. Hårek var kongens lendmann og han krevde inn finneskatten. Ved slaget på Stiklestad i 1030 var Hårek en av lederne for bondehæren som drepte Olav Haraldson.

Gardshaugen på Tjøtta

Gjennom konservator H.E. Lunds undersøkelser på 1950-tallet, visste vi at det var tykke kulturlag på tunet på Tjøtta gård. Forskjellige gjenstander fra middelalder er gjennom årenes løp funnet ved jordarbeid i tunområdet. Sommeren 1985 ble deler av tunet undersøkt. Gardshaugområdet kunne avgrensnes ved hjelp av sjakter, som ble spredt over tunområdet. Det viste seg da å ligge i den nordlige delen av tunområdet og rundt Tjøtta kirke. Hovedbygningene på Tjøtta gard ligger i dag utenfor gards haugområdet.

Gardshaugen på Tjøtta har en anseelig størrelse, grovt regnet 11.000 m², altså betydelig større enn gardshaugene på øyene rundt Tjøtta. På storgarden bodde flere mennesker som krevde større hus, mange husdyr krevde større fjøs, og mange mennesker og dyr i virksomhet krevde et større tunområde. Kulturlaget var opp til 1,4 m tykt, dvs. tykkere enn i gardshaugene på øyene rundt.

Denne gardshaugen skiller seg altså ut når det gjelder størrelse og til en viss grad også når det gjelder kulturlagets tykkelse. Er så innholdet i gardshaugen annerledes? Vi skal se litt nærmere på et av de undersøkte feltene, felt 2.

Kulturlagene på Tjøtta og på Flatøy viser forskjell i tykkelse, antall lag og farge på lagene. Kulturlaget på Tjøtta har en mer komplisert lagdeling. Det er mye svartere, og det gir inntrykk av å være mer intensivt brukt. Bevaringsforholdene for organisk materiale som tre og bein, er bedre i gardshaugen på Tjøtta, enn i den på Flatøy.

Den største forskjellen når det gjelder funnene er at funnmengden er mye større på Tjøtta både av organisk og uorganisk materiale. Også funnvariasjonen er større. Det er flere jernfragmenter på Tjøtta, og det er bare her at det er funnet keramikk fra middelalderen. Keramikken var handelsvare, produsert i utlandet. Beinmaterialet fra begge gardshaugene er ikke analysert, men

umiddelbart synes det som om andelen husdyrbein er større på Tjøtta enn på Flatøy. Enda det ble funnet mye fiskebein på Tjøtta, synes husdyrbeina å dominere. På Tjøtta hadde en nok bedre råd til å spise kjøtt enn på Flatøy.

Da gardshaugen på Tjøtta omfatter et nokså stort område, trenger naturligvis ikke felt 2 å være representativt for hele området. Det er også visse forskjeller mellom de undersøkte feltene. Kulturlaget avtar i tykkelse i utkantene av gardshaugen. Bevaringsforholdene for organisk materiale er ikke like gode i alle feltene.

Størrelsen på en gardshaug sier oss noe om hvilken betydning en boplass hadde i sin samtid. Om man allerede fra starten var så mektig at en kunne ta hele området i bruk, eller om dette skjedde mer gradvis etter hvert som en fikk behov for større gardstun, vil senere aldersbestemmelser vise.

Vi har nå sett at gardshaugen på Tjøtta



Snitt gjennom kulturlaget, felt 2, i gardshaugen på Tjøtta. Fotoet viser et hjørne av det undersøkte feltet. Foto: B. Wik 1985.



Snitt gjennom kulturlaget i gardshaugen på Flatøy. Foto: B. Wik 1985.

Dyrkamark

Flere lag med rester etter hus og avfall.
Eldste funn: keramikk fra 11-1200-tallet.

Flere lag med rester etter hus og avfall.
Eldste funn: spinnehjul fra yngre jernalder eller tidlig middelalder.

Gulv

Torrvoll

Brannlag
Gulv
Ubest. lag

Dyrkamark

Torrvoll
14C datering: AD 1200 ± 90

Hus- og avfallslag
Eldste dyrkamarka
14C datering: AD 790 ± 150

Maktsentra i vikingtid

Økonomisk makt er avgjørende. Det er viktig å ha kontroll over råstoffer, de beste fiskeplassene, den beste åkerjorden, de beste beitemarkene og over kommunikasjonsveiene. For å kunne kontrollere alt dette og også kunne utvide sine interesseområder, er det nødvendig med våpen og en viss form for militær organisering. Kontroll over menneskene i området er også viktig. Det kunne fås med våpenmakt, men også gjennom at de kontrollerte områdene fikk beskyttelse av sentret mot ytre fiender. Juridiske og sosiale lover er også viktige i denne sammenhengen, liksom religionen. Avhengighetsforhold kunne også skapes gjennom at sentret kunne tilby de omliggende områdene varer som de ikke kunne produsere eller skaffe selv. De omliggende områdene skaffet sentret, mer eller mindre frivillig, produkter som var med på skape et overskudd for sentret, som i sin tur kunne omsettes i andre varer.

skiller seg klart fra gardshaugen på Flatøya og de andre øyene. Det gjelder først og fremst gardshaugens utstrekning, kulturlagets tykkelse og karakter og funnmaterialet. Dette er forskjeller som bunner i at livsformen på sentret var annerledes enn på de øvrige boplassene.

Uten omland, ikke noe senter

Vi tenker oss her Tjøtta som et senter hvor storbonden eller høvdingen hersket. Selv bor han på den øya hvor de beste mulighetene for åkerbruk og fedrift finnes i området. Rundt seg har han et mektig skjærgårdsområde med store ressurser knyttet til sjøen. På øyene rundt bor det mennesker som høvdingen har skaffet seg kontroll over. De kan forsyne ham med sjøens produkter og kanskje de ble tvunget til å stille opp som mannskap på høvdingens tokter og handelsferder. Til gjengjeld kan høvdingen holde disse med jordbruksprodukter og kanskje også lokke med handelsvarer.

Tjøtta er gunstig plassert ved Leia og ved munningen av Vefsnfjorden. Høvdingen kunne da kontrollere all nord-sørgående trafikk langs kysten og også trafikken øst-vest mellom kyst og innland. Det er ikke tilfeldig at Snorre forteller at Hårek på Tjøtta krevde inn finneskatten. Pelsverk var en viktig del av denne. Dette var en ettertraktet vare lenger sør og kunne da gi et godt overskudd. Høvdingen satt i sentrum av nettet og kunne innkassere goder både fra kyst og innland.

Tjøtta - ikke det eneste sentret i området

I nåværende Alstahaug kommune synes det også å ha vært flere sentra i jernalder og tidlig middelalder. Både på Sandnes

og Alstahaug gard er det nylig funnet svære gardshauger. Sagaen forteller om Sandnes som en storgard i vikingtiden. Alstahaug var et senter på Petter Dass' tid, men middelalderkirken på stedet gir en antydning om at stedet var sentralt også før hans tid.


I 1984 og 1985 ble det foretatt utgravninger i gardshaugen på Sandnes. Dateringer av bunnlagene viser at en del av gardshaugområdet ble tatt i bruk allerede på 500-tallet. I vikingtid synes hele området å være i bruk. Gardshaugens utstrekning, kulturlagets tykkelse og karakter samt funnmaterialet, kan sammenlignes med gardshaugen på Tjøtta, mens det er mye som skiller gardshaugen på Sandnes fra gardshaugene på øyene rundt Tjøtta. Dette underbygger sagaens beretning om Sandnes som sete for stormenn som Torolv Kveldulvson i vikingtid.

I gardshaugen på Alstahaug er det foretatt noen mindre undersøkelser i 1985 og 1986. Fra bunnlaget i et av de undersøkte feltene foreligger det en foreløpig ¹⁴C datering. Resultatet var 1000-tallet. Gardshaugområdet viser seg da å være tatt i bruk både før Petter Dass' tid og før steinkirken ble reist.

Med rikssamlingen brytes de gamle høvdingedømmene ned

Vi ser at det har vært sentra både på Sandnes og Tjøtta i en stor del av jernalderen. Men det er altså først helt mot slutten av denne perioden, på 1000-tallet, at gardshaugområdet på Alstahaug synes å være tatt i bruk. En kan spekulere på om det på denne tiden bevisst ble etablert et senter her av kongemakten for å bryte ned de eldre sentrene. På dette tidspunkt ble Hålogaland nærmere knyttet til det øvrige Norge. Det var viktig for kongen å få adgang til de rike ressur-

forts. s. 35




Et utvalg av middelalderfunn fra Tjøtta- og Alstahaug-området. Det store klebersteinsstykket må komme fra et kjempefat. (Foto: Per E. Fredriksen)

I 1967 ble det eldste funn fra Oppdal gjort, på bunnen av Bjønsvatnet. Men at trestykket som er avbildet var fra eldre steinalder, og mer enn 7000 år gammelt, visste vi først i år, fordi en bit av treet er C-14-datert.

Bjønsvatnet ligger i nordre del av Oppdal. Det var i forbindelse med tørlegging for oppdyrking at trestykket ble oppdaget. Det ble innlevert til museet av Erling Hestnes, Trondheim.

Uttegning av dekorasjonen.



De øverste hakkene ser ut til å være skåret med et meiselliknende redskap, det samme kan ha vært brukt til fiskebeinsmønstrene nederst.

Strekene langs hakkene er skåret med et tynt, skarpt redskap, sannsynligvis av flint. Det kan ha vært lagt inn et mørkt fargestoff, harpiks eller tjære, i de utskårne figurer, for å fremheve mønstret. Dette er kjent fra andre funn.

I forrige nummer av SPOR var hovedtemaet «Den første bosetting». Her fulgte vi de første fangstfolk opp i høyfjellet, straks isen hadde smeltet ned og plante- og dyreliv hadde etablert seg. Boplassfunn og daterte ildsteder viser at de første fjellområdene som fangstfolkene vandret til, var Trollheimen og Oppdalsfjella. Enda fangstfolkene har trukket gjennom dalen, er trestykket fra Bjønsvatnet hittil det eneste funn fra denne eldste del av steinalderen - til gjengjeld er det enestående: det er av tre og det er dekorert!


Tre var sikkert et vanlig råstoff i forhistorisk tid. Men fordi det råtner fort, er det uhyre sjelden vi finner gjenstander av tre, og enda sjeldnere fra den eldste del av steinalderen. De fleste funn fra denne perioden er av stein, og vi får derfor et svært ensidig bilde av de ting menneskene omga seg med. Ikke minst går vi glipp av dekorasjonsgleden! Tre er lett å skjære i, og det er naturlig at det først og fremst er på slike gjenstander denne evnen fikk utfolde seg.

De eldste dekorerte tregjenstander i Danmark er nylig funnet på en boplass i Tybring Vig på Fyn. De er 1000 år yngre enn funnet fra Bjønsvatnet. Denne boplassen er svært verdifull fordi den ligger under vann, og bevaringsforholdene for tre derfor er spesielt gode. De fleste funn er faktisk tregjenstander, og vi får en enestående mulighet til å få et glimt av en hittil skjult del av steinaldermenneskenes liv.

At funnet fra Oppdal er bevart, skyldes nettopp at det har ligget på bunnen av et vann. Fuktighet bevarer organisk materiale. Det er derfor ikke vanskelig å spå at det ligger mange skatter fra forhistorisk tid i myrer og tjern. Men det er et uoverkommelig arbeid å oppspore dem. Derfor er vi avhengige av at folk som arbeider med drenering av myrer o.l. er oppmerksomme, og tar vare på gjenstander som ser menneskelaget ut.

Hva er nå egentlig denne dekorerte trepinnen med hull, som har sprukket i to? Det vet vi ikke. Kanskje leserne kan hjelpe oss med forslag?

Tregjenstand fra Bjønsvatnet i Oppdal



Fotografert fra 3 sider. Den er 18,4 cm lang. Hullet er skrapet ut fra begge sider med et skarpt redskap. Begge ender er skåret til. Gjenstanden er sprukket i to på langs, og bare den ene halvdel ble funnet. En bit av treet er C-14-datert 7350 ± 110 før nåtid (T-6349) (Lab. for radiologisk datering, NTH, Trondheim). (Foto: P. E. Fredriksen).

norges eldste treskurd, FRA OPPDAL!

Av Lil Gustafson.

Arkeologi i skolen

av Oddmunn Farbrege

På Jøa i Nord-Trøndelag har skoleelevar prøvd seg som arkeologar. I juni var fleire klassar frå barne- og ungdomsskolen på Dun med og grov ut gravhaugar frå vikingtida. Haugane viste seg dessverre å vera plyndra i gammal tid. I ein av dei vart det likevel funne små grøne glas perler.

Ein dag i september var det på'n att, no på ein ca. 4000 år gammal steinalderbuplass nær Einarskardet. Den vart nyleg oppdaga ved at det fanst steinreiskapar ved kanten av eit grustak. Elevane fekk som oppgåve å leite gjennom matjord-dungar som var lagt opp rundt grustaket. Og som tenkt, her var det ting å finne: Delar av ein pilespiss av raud skifer, og avlagsbitar av både skifer og flint.

Noen dagar seinare gjorde ein 8.klasse på Overhalla skole ein litt spesiell tur nedover Namsen frå Grong. Ni båtar rodd av erfarne båtfolk gjekk på rad og rekke nedover elva, i vakkert haustvær. Også dette opplegget hadde med arkeologi å gjera. Mye av kulturhistoria i Namdalen har tilknytning til Namsen. I tillegg til laksefisket hadde ein tidlegare tømmerfløyting. Og elva var ei viktig ferdselsåre. Skoleklassen fekk prøve denne «gammelvegen», og også sjå landskapet herifrå. Mange gravhaugar nedover dalen er plassert på elveterrassar nettopp for å visast for ferdefolk på Namsen.

Elva har stort sett slakt fall. Landhevinga har derfor gjort stort utslag - elva blir lengre og lengre. (Sjå artikkelen om elveosar som flyttar seg). På båtturen passerte vi i tur og orden stader som i si tid hadde vore sentra i Namdalen. På visse måtar vart turen ei reise gjennom noe av Namdalens historie.

Interessante undervisningsopplegg? Kanskje. Desse elevaktivitetane er ledd i eit prøveprosjekt som heiter «Arkeologi i skolen». Det er eit samarbeid mellom Skoledirektøren i Nord-Trøndelag og UNIT, Museet. Kommunane Fosnes, Overhalla og Levanger deltar i forsøks-



To elevar frå Dun skole som gjorde funn på steinalderboplassen ved grustaket. Yngve Oddvik med to pilespissar av skifer og Anniken Bromseth med flintstykke.

opplegget. Tre departement og Norsk kulturråd er med og gir tilskott til arbeidet. Tidlegare skoledirektør Gunnar Groven, Steinkjer, er koordinator. På Museet har underskrivne fri frå sitt vanlege arbeid og er prosjektleiar i 1986-87.

Føremålet med prosjektet? Enkelt sagt er det å finne ut kva bruk grunnskolen har for arkeologisk lokalstoff, og korleis arkeologar kan formidle og tilrettelegge fagstoff og aktivitetar. Den nye mønsterplanen gjer det ekstra aktuelt å bruke lokalstoff og lokalmiljø i undervisninga. Men Museet har lenge hatt stadige spørsmål frå skolane i Midt-Norge om

opplysningar og hjelp. I alt for liten grad har vi makta å følge opp.

For tida prøver vi å prioritere populære formidling. Bladet SPOR er ein viktig del av denne politikken. Vi håpar at SPOR også kan dekke eit behov i skolen. Bak denne satsinga på lokal formidling ligg ein spesiell tanke: Dersom fleire opplever arkeologi og kulturminne som noe interessant og verdifullt i lokalmiljøet, blir det ikkje så mye vanskeleg vernearbeid på arkeologane. I så fall kan dei drive enda meir med populær formidling . . . Vi er spent på om vi får til ei slik positiv utvikling.

TJØTTAØYENE..... fra s.33

sene i nord. Kanskje Tjøtta-høvdingen ble for egenrådige for kongen? Også de tidligere nokså selvstendige områdene i nord ble underlagt kongen og et mye større senter, byen Nidaros.

Litteratur

- Bertelsen, R.: Gårdshaugene i Nord-Norge. I Fladby og Sandnes (red.): På leiting etter den eldste garden. Oslo, Tromsø, Bergen 1979.
Egils saga: Overs. H. Lie. Oslo 1970.
Johansen, O.S. & Søbstad, T.: De nordnorske tunanleggene fra jernalderen. Viking. Oslo 1977.

- Liland, P.J.: Tjøtta. Historien om en gard. Mosjøen 1976.
Snorre Sturlason: Heimskringla. Overs. av Holtemark, A. & Seip, D.A. Oslo 1968.
Storli, I.: Håloyghøvdingen. Magistergradsavhandling i arkeologi ved Univ. i Tromsø 1985.
Wik, B.: Tunanlegget på Tjøtta - en økonomisk og demografisk miljøstudie. DKNVS, Museet. Gunneria 44. Trondheim 1983.
Wik, B.: Jernalderen. I Pettersen, K. & Wik, B. (red.). Helgeland Historie. Bind 1. Mosjøen 1985.
Wik, B.: Maktssentret på Tjøtta. Nordnorsk Magasin nr. 2. 1986.
Wik, B.: Gårdshauger - en hjelp til forståelse av samfunnet i yngre jernalder og tidlig middelalder på den nordnorske kysten? Meta. Lund. I trykk.



RUNER I VOKS

-tapte spor av den «andre» skriftspråkkulturen

av Jan Ragnar Hagland


Eit bysamfunn utan skriftspråk er nok utenkjeleg for oss som lever i dag. Prøv berre å tenkja korleis bybiletet til dømes i Trondheim ville ha sett ut om vi ikkje hadde skriftspråk!

Også mellomalderens bysamfunn har vore avhengig av skriftspråk. For mange av dei oppgåvene som skulle utførast i byen, har skriftspråket vore ein nyttig og nødvendig reiskap. Når det er tale om mellomalderleg skriftspråk, er vi kanskje mest vane med å tenkja på dokument der latinske bokstavar er skrivne sirleg ned på pergament med fjørpenn. Skriftspråk av dette slaget har vore nytta i dei norske mellomalderbyane, og mange dokument av ymse slag er også bevarte slik at vi kan studera dei i original den dag i dag. Testamente, skøyter og andre juridiske dokument er kjende frå 1200-talet og framover. Lover og litteratur til underhaldning og tidtrøyte har vi og bevart frå denne tida. Det er såleis klart nok at det har funnest ein skriftspråkskultur med bestemte oppgåver i det mellomalderlege bysamfunnet.

Vi veit vel ikkje så alt for mykje om kor omfattande kunnskapen og bruken av denne forma for skriftspråk har vore. Men det er grunn til å rekna med at det har vore ein «lærd» skriftspråkstradisjon. Det vil seia at bruk og kjennskap til denne forma for skriftspråk først og fremst har vore knytt til kyrkja og dei som hadde fått skoleopplæring av kyrkja.

Dei arkeologiske utgravingane i bygrunnen, både i Trondheim og andre nordiske mellomalderbyar, viser oss likevel ein annan skriftspråkskultur enn den som er så vel dokumentert gjennom gamle pergamenthandskrift. Det kan vera god grunn til å kalla dette for den «andre» skriftspråkskulturen i mellomalderens bysamfunn. Det er nemlig eit heilt anna alfabet - ei anna form for skrift som stig fram i dagen på denne måten: mellomalderbyens skriftspråk har i høg grad vore runeskrift - ikkje berre skrift med latinske bokstavar.


Runeskrifta har ei lang historie i Norden. Det urgamle runealfabetet vart forenkla i



Figur 1.
Desse tavlene vart fylte med voks til å skriva i og feste saman slik at dei kunne leggjast i hop som ei «bok». (Foto: Roar Øhlander).

vikingetida frå 24 til 16 teikn. Fupørk kallar vi gjerne dette alfabetet. Frå vikingetida og fram mot høg mellomalderen på 1200-talet vart fupørken gradvis utvida til å få like mange teikn som det latinske alfabetet. Runer kunne såleis etterkvart brukast heilt på same måten som skrift med latinske bokstavar for den som skulle skriva norsk, eller norrønt som vi helst kallar språket frå den tida.

Funna i Trondheim, Bergen og andre stader i Norden viser kvar for seg og til saman ein nokså omfattande bruk av runeskrift i mellomalderbyens daglegliv. I Trondheim finn vi gjenstandar med runeskrift heilt frå tidleg på 1000-talet. Innskrifter med ymse slags innhald finst nedskrivne med runer, men særleg tydeleg er det at varehandelen har hatt bruk for merking og skrift for at alt skulle gå



Figur 2.

Vokstavler til å skriva på er funne over heile Norden - denne er frå det gamle Lödöse i Sverige. (Original: Elisabeth Svärdström Runfynden från Lödöse, Lödöse - Västsvensk medeltidsstad IV: 5, Kgl. Vitterhets Historie och Antikvitets Akademien, Almqvist & Wiksell International, Stockholm 1982 s. 31).

rett føre seg. Alt dette er for det aller meste skrift som er bevart på tre og gjenstandar av tre. Det ser likevel ikkje ut til at det er tre som har vore det viktigaste skrivematerialet for den daglegdagse og litt meir omfattande bruken av det «andre» skriftspråket i nordiske mellomalderbyar.

Ved gravingane i Trondheim i 1978 vart det funne to gjenstandar som kastar lys over dette: to tavler av tre slik som vist på fig. 1. Desse tavlene er ca. 30 x 12 cm og er skorne til slik at det blir ei 3-4 mm brei ramme langs kantane. Det utskorne feltet innanfor denne ramma har vore fylt med voks til å skriva i. Tavlene har hol langs den eine kanten og har tydeleg vore bundne saman med reim eller liknande slik at dei vart som ei «bok» med festeband i ryggen. Saman med dei to tavlene vart det også funne ein skrivereiskap - ein såkalla stylus eller ein skarp «penn» til å skriva i voksen med.

Ingen av tavlene er bevarte på ein slik måte at det går an å lesa kva som har stått skriva på dei. Det er tydeleg at dei har vore nytta omatt mange gonger. Og det er like tydeleg at det har vore skriva med runer på dei - ikkje med latinske bokstavar. Vi veit ikkje sikkert kven det

Figur 3.

Med ein slik «stylus» eller penn kunne ein skriva i voksen (Original: Elisabeth Svärdström Runfynden från Lödöse, Lödöse - Västsvensk medeltidsstad IV: 5, Kgl. Vitterhets Historie och Antikvitets Akademien, Almqvist & Wiksell International, Stockholm 1982 s. 31).



Figur 4.

Vokstavle frå Bergen (ca. 1200) med brev innrissa i sjølve treverket.

er som har nytta runeskrift på denne måten. Men det ser ut til at det har vore vanleg å skriva med runer på slike tavler i nordiske bysamfunn. Frå gravingane i Bergen er det funne ei heilt tilsvarande tavle. Den er spesiell fordi det er rissa inn runer i sjølve trebotnen - under vokslaget (sjå fig. 4). Det kan tenkjast at innhaldet her skulle haldast hemmeleg. Ved å hella voks over og skriva noko «nøytralt» ville ikkje utanforståande få mistanke om at

«boka» her inneheldt andre meldingar enn det som stod i voksen! I alle fall seier innskrifta i botnen av denne vokstavla m.a. at ein eller annan skal fara bort og skjera «eit rune-brev til Olav Hettusveins syster. Ho er i nonneklosteret i Bjørgvin». Det å skjera rune-brev må altså ha vore ein nokså vanleg måte å senda meldingar på, får vi tru. Også ved gravingane i bygrunnen til det gamle Ljödhus, eller Lödöse nordvest for Göteborg, har ein funne vokstavler av same slaget. Saman med dei er det funne fleire griflar, eller reiskapar til å skriva i voks med. På ein av desse er det også ei runeinnskrift. Denne er på latin og inneheld ei bøn frå Davids-salmane: «Einast mot deg har eg synda, det som er vondt i dine augo, har eg gjort. Så får du rett når du talar, og står der rein når du feller dom.»

Dette kunne tyda på at også denne «andre» skriftspråkskulturen har hatt fotfeste i eit lærd, kyrkjeleg miljø. At kyrkjelege og latinkunnige miljø har nytta runeskrift, ser vi av alle runeinnskriftene på latin som elles er funne, både i Trondheim, Bergen og Lödöse. Frå gravingane i Trondheim har vi såleis eit alfabet, a b c d og så bortetter, med nøyaktig så mange runeteikn som trengst for å skriva latin. Vi har Fadervår og andre religiøse innskrifter.

Teknikken med å festa vokstavler saman til små «bøker» er ei gamal oppfinning som har vore kjend frå oldtida. Eit diptykon kalla dei gamle grekarane ei slik «skrivebok». Likevel synest det ikkje å vera nokon spesiell grunn til å tru at vokstavlene frå våre nordiske bysamfunn utelukkande har vore nytta av presteskap og andre boklærde. Det daglegdagse og bruksmessige ved runeskrifta i funnmaterialet elles tyder på at den «andre» skriftspråkskulturen har hatt solid fotfeste i vidare krinsar enn som så.

Ei slik «vokstavlebok» kan ha vore nytta på svært mange måtar. I daglege byggeremål - handel til dømes - kunne det vera praktisk å skriva meldingar eller brev av ymse slag på den eine av vokssidene. Den andre kunne vera blank for eit eventuelt svar, og så bortetter. Dette kan ikkje bli anna enn spekulasjonar i dag. Det viktigaste ved desse funna er at dei viser oss tydelege spor etter ein skriftspråkskultur av eit meir daglegdags slag enn den som utfalda seg på kostbar pergament. Dette saman med dei store konsentrasjonane av runeinnskrifter elles i mellomalderbyar som Trondheim og Bergen tyder på at bruk av runeskrift har vore viktig for mange kvardagsgjere mål i ein by på den tida. Det er heller ikkje urimeleg å gå ut frå at denne forma for skriftspråkskultur har vore eit spesielt byfenomen i nordisk mellomalder. Kor synleg denne bruken av runeskrift har vore i kvardagen, er det vanskelegare å få eit inntrykk av. Sikkert er det i alle fall at det er ein lang veg fram til vår tids skilting med skrikande plakatar og oppslag i gatebiletet!

KONGSMAKT, KRISTNING OG FROSTATINGET

-gravfunn på Hernes, Frosta

av Oddmunn Farbregd

Noe låg i lufta ...

Tre menneskeskjelett i sine graver ... Det i seg sjøl er ingen uvanleg situasjon for arkeologar. Gravene inneheldt heller ingen merkverdige eller verdifulle gjenstandar. Likevel var det ei spesiell stemning på Hernes på Frosta noen dagar først i mai 1984. Arkeologar frå Riksantikvaren og Arkeologisk avdeling i Trondheim var i gang med å avdekke gravene som var oppdaga på gardsplassen hos Johan Mostad. Noe låg i lufta, - og det var ikkje berre sludd og regn som ein dag kom horisontalt inn med vestakulingen. Eit interessert publikum sto i ring rundt gravingsfeltet og tok av det meste i så måte.

Det var andre ting å klø seg i hodet over. Ting som ikkje stemte riktig, som kunne ha ei rekkevidd som vi ikkje fekk heilt tak på medan vi grov der. Etterpå er det blitt stadig meir klart at desse funna kan gi viktige kulturhistoriske opplysningar. Og det gjeld ikkje berre kunnskap om dei døde og garden Hernes. I bakgrunnen kan ein skimte større ting.

Påpasseleg og ansvarsfull grunneigar

Da funna kom for dagen kunne dei avdekkast på fagleg forsvarleg vis. Det skyldest i stor grad ansvarleg og korrekt handlemåte frå grunneigaren, Johan Mostad, si side. Situasjonen var at det gamle fjøset var rive. Det skulle gravast kjellartomt for ein ny driftsbygning på garden. Ved slutten på tomte oppdaga dei menneskebein, stoppa gravinga og ga omgåande melding til Arkeologiske avdeling på Universitetsmuseet i Trondheim.


Dei hadde kome bort i fotenden av tre graver, utan at vidare skade var skjedd. Frå arkeologisk side var vi så raske som mogleg med å gjera undersøkingane og klarere tomte. Byggearbeidet vart ikkje forsinka. Og funna ga innsyn i eit spennande kapittel i gardshistoria.

Gravfunn på Hernes, Frosta

Ikkje første gongen

Gamlefjøset på garden vart oppført i 1915. Da vart det gravd kjellar under berre ein del av det. Også den gongen kom det fram graver, - fire skjelett som låg parallelt i to grupper. Det var ca. 10 meter unna funna frå 1984. Eit notat vart med i bygdeboka frå 1918, s. 85: «ifølge Th. Petersen fundet skeletter av fire begravelse - to og to ved siden av hverandre. Konservatoren antog disse begravelse hitrorte fra tiden efter kristendommens indførelse, hvorfor der her maa have været en viet begravelse - plass - formentlig familiegravsted». - Funnkatalogen opplyser at gravene låg vendt aust-vest, og det vart ikkje funne gravgods. Fråstanden mellom dei to gruppene graver - kvar med to skjelett - var 5-6 meter.

Kart over tunområdet på Hernes nedre, vestre, etter Økonomisk kartverk. Funn og observasjonar er avmerka.



- 1 Grav 1. Denne ca. 50 år gamle mannen har hatt sine plager: Han var heilt tannlaus i overkjeven, har hatt forkalkingar og slitasje i ryggen, og skade i høgrehandled (av eit stikk?). Etter brott på kragebeinet grodde det feil saman så skulderpartiet vart skeivt. Mannen var ca. 171 cm høg.
- 2 Grav 2. Dette skjelettet er av ein ca. 40-45 år gammal person, truleg mann, men ikkje spesielt kraftig. Han hadde sterkt nedslitte tenner. Kroppshøgda var ca. 165 cm.
- 3 Gravene 1-3 ved sida av kvarandre. Skjelettet i grav 1 er tatt opp. Dei uryddige skjelettrestane i grav 3 er av ein mann, ca. 45-50 år gammal, med kroppshøgda ca. 169 cm.



Interessante spørsmål melder seg

Skjelettgraver med hodeenden i vest, og stort sett utan gravgods - det er viktige kjenneteikn for kristen gravskikk. Men stundom har også graver frå heiden tid slik utforming - kanskje fordi dei har kristen påverknad. Det var ei mogleg forklaring. For på Hernes var det i alle fall to ting som ikkje passa med ein vanleg kristen gravplass: På kyrkjegardane plar dei døde ligge nokså tett over eit samanhengande område. På Hernes er gravene funne i spreidde smågrupper, meir som på eit gravfelt frå jernalderen. Og verken frå segn eller skriftlege kjelder er det kjent at det har vore kyrkje på Hernes. Kapell og bønehus utan kyrkjegard var ikkje uvanleg i mellomalderen. Det motsette - gravplass utan kyrkje - verkar derimot spesielt og sjeldant.

Har det så kanskje vore kyrkje og kyrkjegard på Hernes? I så fall må det vera langt attende, ettersom det ikkje finst opplysningar om det. Korleis blir da forholdet til den gamle kyrkja på tingstaden Logtu berre 2.5 km unna? Kan det ein veit om historia til Hernes-garden forklare noe? Har Hernes-gravene samanheng med spesielle forhold i den tidlege kristne tida?

Gravene og gravleggingsmåten

Før ein går vidare med dei mange spørsmåla er det naturleg å sjå nærare på gravene og kva dei kan fortelle. Dei er nummerert 1-3 frå sør mot nord. Dr. Per Holck ved Anatomisk institutt i Oslo har undersøkt skjeletta.

Alle dei tre personane er truleg menn, i 40-50-års-alderen. Mannen i grav 1 hadde mange spor etter sjukdom og plager. Einaste forma for gravgods låg mellom beina av høgare hand på denne personen. Det er tydeligvis eit nålehus.

Dei tre gravene var nokså ulikt utforma. I grav 1 var det ikkje teikn til kiste. Grav 2 hadde ei kiste som var jambrei, ca. 45

cm, og ca. 30 cm høg. Kista i grav 3 var derimot avsmalnande (trapesoid) i forma. Breidda i hodeenden var ca. 45 cm, i fotenden 20 cm, høgda ca. 25 cm. Restane av kisteborda var nok bevart til at ein kunne ta slike mål.

I grav 1 låg hodet vendt opp, med ein stein på kvar side. Hodet i grav 2 låg på sida, vendt mot sør. I grav 3 var hodeskallen vendt opp-ned. Også andre bein låg forkjært, men stort sett i rett parti av kista. Vi vart nokså overtydd om at liket ikkje hadde vore i orden og i skikkeleg samanheng da det vart lagt i kista.

Medan botnen av grav 3 låg ca. 80 cm djupt i undergrunnen, var dei to andre berre ca. 60 cm djupe. Den leirhaldige grusen her vart svært hard og tung å grava i.

Etter nærare vurdering av gravene er det ikkje tvil om at gravene er reint kristne. Ein kan sjå bort frå at det her er ein heiden gravplass med kristne innslag.

Ein del av detaljane ved gravleggingsmåten er med og gir tidfesting av gravene. - At dei døde i grav 1 og 2 var lagt med armane utstrekkt ved sida, er eit kjenneteikn for graver eldre enn ca. 1200. Mangel på einsarta kisteform er også karakteristisk for denne tidlege delen av mellomalderen. Hodesteinar som i grav 1 er ikkje heilt uvanleg i Norden i tida ca. 11-1200. Ian Reed hos Riksantikvaren som var med på gravinga, kjenner eksempel på slike graver i England fleire hundre år tidlegare, i angelsaksisk tid.

Kva funksjon hodesteinane har hatt, er ikkje heilt klart. Dei finst i graver utan kiste. Kanskje har dei vore støtte for eit brett eller lokk som dekte den døde ved jordpåkastinga. I grav 1 på Hernes fann vi likevel ikkje spor etter noe slikt.

Så tett og regelmessig ved sida av kvarandre som gravene ligg, kunne dei gjerne vera samtidige. Ein har i alle fall visst om den førre grava når ei ny vart laga. Det kan derfor ikkje vera lang tid mellom den første og siste av gravene, kanskje berre eit par generasjonar. Grav nr. 2, i midten,

kan ikkje vera yngre enn baa dei andre, men er eldst eller nest eldst.

Grav 3 med dei uryddige skjelettrestane synest å vera spesielt interessant. Om det t.d. ikkje er eit sjølik som har gått i oppløsning, kunne ein tenke seg ei anna forklaring. I den første kristne tida var det høve til å overføre avdøde skyldfolk frå heidne graver til vigsla kyrkjegard. Den tidlege dateringa på grav 3 - dersom den er påliteleg - kunne passe bra for ei slik forklaring. Men sikrare haldepunkt vil ein først få dersom det på Hernes finst fleire slike tilfelle, der ei eldre grav i ei gruppe har skjelettet i uorden.

Sensasjonelle dateringar?


Ut frå gravform var det altså klart at dei døde var gravlagt i dei par første hundreåra av kristen mellomalder. Det var også andre måtar å tidfeste gravene på.

Dei vart funne ved kanten av gardstunet, som er dekt av eit innpå 1 meter tjukt kulturlag. Det inneheld svart jord og mye brent stein. Eit økseblad av jern, eit vevlodd av kleber, og ei skeise («islegg») laga av bein hadde blitt funne i kulturlaget. Funna viser at det var gardsplass her minst så tidleg som ca. 1200. Og vi reknar med at gravene var lagt der før staden vart gardsplass.

Det var med stor spenning vi sendte prøver av lårbain frå grav 1 og 3 til ¹⁴C-datering. Resultata vart også oppsiktsvekkande: Ferdig omrekna (kalibrert) skulle grav 1 vera frå 995 ± 55 e. Kr., grav 3 frå 945 ± 55 e. Kr. Om dateringane var rette, hadde ein treft på graver av dei første kristne i Trøndelag.

No har imidlertid ¹⁴C-dateringar på skje-

Notids gardsgrenser omkring gardane Logtu og Hernes, ut frå Økonomisk kartverk. Grensene viser mellom anna at dei to storgardane var enda større i eldre tid. «Logtu» omfatta ein gogng både Mo, Mostad og Logstein. Denne større garden må ha hatt eit anna namn før det vart tingstad der. - Frå den eldre, større Hernes-garden har følgande gardar blitt utskilt: Haugan, Island, Nordfjæra, Evenhus og Galtvik. Hernes utgjorde altså heile neset ytst på Frosta. (Namnet Island tyder elles ytst-land.) Tunet og gardskjernen på gamle Hernes kan ein sjå låg på høgda mellom det som no er Island og Valberg. Da nedre Hernes (gardsnr. 102) vart eige bruk, hørte Haugan enno til denne delen av Hernes. - P.g.a. ca. 10 m høgare sjønivå tidleg i jernalderen hadde neset den gongen mindre utstrekning. Tidleg i bronsealderen var neset berre ei øy. Deretter steig det opp ein val (i dag ca. 15 m.o.h., mellom Evenhus og Mo). Første leddet i namnet Valberg har altså eit gammalt opphav.



lett frå denne tida stadig hatt ein tendens til å bli ca. 100-200 år for gamle. I Lund i Skåne har ein sett dette tydeleg der ein kunne kontrollere dateringane ut frå myntar funne i gravene. Så det var best å ta ein kontroll på resultatata frå Hernes også. Prøve av det morkna furutreet i kista i grav 3 viste at skepsis var på sin plass. Resultatet her vart 1050 ± 90 e.Kr. Og den rette dateringa er kanskje seinare enn dette og. Furutreet kan ha vore gammalt da det vart brukt til kistebord. Inntil vidare er det rimeleg å tru at gravene skriv seg frå tida ca. 1050-1100. Men funna fører likevel over i ei rekke spørsmål som har å gjera med kristning, kyrkjeorganisasjon, kongsmakt og tingstaden på Frosta.

Kyrkjestad på Hernes?

Dei to gruppene av graver som hittil er funne på Hernes er etter alt å dømme delar av ein kyrkjegard. Da må det og ha vore ei kyrkje i nærleiken. Ein naturleg plass for kyrkja vil vera ein berghaug 30-40 meter lenger nord. Tynt og tilfeldig jordlag over berget gir lite håp om å finne spor etter ei lita trekyrkje der. Derimot er det gode sjansar til å finne fleire graver, kanskje mest søraust og ned for bergaugen. Ein mann som brukte «ønskevist» fekk også ei rekke utslag der...

Det er interessant at gravene som er funne hittil ligg i små grupper. Frostatingslova og andre lanskapslover har reglar om inndeling av kyrkjegardar, og om kven som skulle gravleggast kor. På Hernes har ein tydelegvis lagt ut kyrkjegarden etter eit visst skjema. Men den

vart truleg brukt berre noen få generasjonar, for framleis var det god plass mellom gravgruppene. - Om ein spør *kvifor*, må ein og spørre om grunnen til at Hernes først hadde fått kyrkje.

Kongsgarden Hernes

Hernes er ein av dei store og gamle gardane på Frosta. Tidleg i jernalderen horte heile neset på Frosta-halvøya til garden. Førsteleddet i namnet blir tyda som (krigs-)hær. Kanskje kan dette namnet vera eit minne om at neset her midt i Trondheimsfjorden, like ved Frostatinget, var ein sjømilitær samlingsstad.

I borgarkrigstida på 1100-tallet dukkar garden opp i den skrivne historia. Kong Magnus, son til Sigurd Jorsalfare, tapte i 1135 eit slag mot Harald Gille i Bergen. Magnus vart lemlesta og sett i forvaring i Nidarholm kloster (Munkholmen). Til underhold for den tidlegare kongen fikk klosteret Stor-Hernes. Omtalen viser at Hernes var kongseigedom og var delt i fleire bruk alt på den tida.

Eit diplom frå 1483 fortel at Hernes og Logtu var tillagt lagmannen. I jordeboka til erkebiskop Gaute frå ca. 1490 er to gardsbruk på Hernes oppført som krongods med skyldverdi til saman 2 1/2 spann.

Gardane i Trøndelag som ein veit tilhørte kongen i seinmellomalderen, har visse fellestrekk. Dei er store og sentrale, og alle dei gamle hovudkyrkjene står på slike gardar. Hernes tilhører denne gruppa av storgardar der kongen åtte heile eller det meste av garden.

Det er vanleg oppfatning at dei store krongodsgardane hadde kome under kongen i rikssamlingstida. Kongane konfiskerte gardar som tilhørte dei fremste av motstandarane. Kristningskongane nytta slike sentrale gardar mellom anna til å bygge kyrkjer på. Den kristne kyrkjegarden på Hernes gjer at også denne garden fell inn i eit større mønster.

Hernes var nok viktig for kongen på fleire måtar. Den ligg som nemnt sentralt til i Trondheimsfjorden, ikkje så langt frå byen ved Nidelva og Lade, og nær tingstretet for heile Trøndelag.

Kva tid fekk tingsentret på Frosta kyrkje?

Frostatinget og fylkesorganisasjonen i Trøndelag blir rekna å vera eldre enn rikssamlinga. Rikskongedømmet braut ned det religiøse elementet i den gamle samfunnsordninga. Men det overtok og vidareutvikla ting-organisasjonen.

I Strindafylke kom hovudkyrkjene til å ligge på Lade og på Logtu, tingstaden. Den noverande Logtu-kyrkja av stein er bygd på 1200-talet. Ei eldre kyrkje veit ein om der på slutten av 1100-talet. Det er ikkje gjort utgravingar som kan vise kor mange eldre den eventuelt var.

I kristningstida var det sterk motstand mot den nye religionen frå det gamle bondesamfunnet. Det vil neppe ha vore mogleg for kongen å sette opp kyrkje så tidleg på det gamle samfunnet sin sentrale tingplass. Det var truleg for sterk provokasjon mot trønderane. Da blir det

forts. s. 51

Forminneområdet ved Bremsneshatten i Averøy på Nordmøre åpnet for publikum!


En meget spesiell attraksjon er fra i sommer tilgjengelig for publikum: Et område med spor etter mennesker fra steinalderen. Sør for Bremsneshatten har det holdt til folk i flere perioder fra de første som kom hit for 10000 år siden og ned mot Kristi fødsel.

Det er satt opp skilter ved 7 fornminner, med tekst på norsk og engelsk, langs en merket sti. Brosjyre over området utleveres gratis ved starten. Vi røper ikke mer...

En rundtur her tar omlag en time. Vi garanterer at du vet betydelig mer om Nordmøres fortid etter denne turen!

Har du lyst til å se noen av steinaldergjenstandene som er funnet her? Ta en tur til bygdemuseet på Kvernnes.

Kristian Pettersen



HOVE I ÅSEN

-kultstad og bygdesentrum

av Oddmunn Farbregd

På garden Hove i Åsen-bygda i Nord-Trøndelag er det ein liten åsrygg som heiter Hovshaugen. Her var det utgravingar somrane 1981-84. Namnet og funn av brent leire syntest å tyde på at det kunne vera spor av ein hov-bygning her. Men hustuffer vart ikkje funne, derimot ei mengd med enkle og einsformige groper. Etter kvart vart staden i seg sjøl svært interessant. Med den som utgangspunkt kan ein gjera seg oppfatningar om bruken av gropene, om gudsdyrking i jernalderen, og om sentrum, utkantar og struktur i ei bygd som Åsen.


Denne skålforma spenna frå vikingtida er ei av dei finaste i sitt slag. Den var med på den store viking-utstillinga i London og New York for noen år sia.

Slike spenner vart brukt parvis, spenna er ei av to som vart funne saman. Både er dei framifrå kunsthandverk, og svært godt bevarte etter nesten tusen år i jorda. Topp funn, altså? Ikkje heilt. Skikkelege funnopplysningar manglar. Vi veit berre dei vart funne i Åsen på 1800-talet, ikkje på kva gard.

Den kvinna som bar desse smykka var ikkje kven som helst. Ein kunne tenke seg at funnstaden var det store gravfeltet på Husby eller ein av grannegardane. Artikkelen fortel mellom anna om desse gardane.

Utgravingane på Hove ga slett ikkje slike fine funn. Kolprøver, jordprøver, brent leire, små posar med brente bein og flintbitar, - det var funnmaterialet. Men arkeologi er ikkje berre å finne ting. Å finne ut om ting er vel så viktig. På Hovshaugen var det fleire gåtefull ting å finne ut av...





Utgravningsområde på Hovshaugen. Planteikning.

Ei arkeologisk utfordring

Hovshaugen er ein skogkledd, berglendt liten ås som hevar seg opp frå flatlandet like ved tunet på Hove midt i Åsen-bygda. I austenden av åsryggen er det eit lite parti med dyrkbar jord. Før ca. 1900 var det ein husmannsplass i sørhalla der.

Under grøftingsarbeid på staden i 1980 tilkalla grunneigaren Jostein Wibe arkeologar for å sjå på ting som hadde dukka opp. Ein ting var ein gravhaug som viste seg klart i ei grøft. To andre fanst like ved. Bortover grøftekantane var det tilsynelatende av groper med trekol og brennt stein å sjå. Dessutan var det ein

god del bitar av brennt leire i eit bestemt område.

Mest spennande verka bitane av brennt leire. Som regel skriv slik leire seg frå oldtidshus. Kva slags hus hadde så stått på haugen? Dyrkjingsjorda her er for avgrensa til at det ville vera naturleg med gardshus oppå haugen. Men omfattande verksemd av noe slag hadde det vore der. Det vitna alle gropene om. Namnet Hovshaugen - på garden Hove - kunne tyde på at det verkeleg fanst spor etter eit gudehov her. Det ville i så fall vera uhyre interessant. Med eit par litt usikre unntak har det ikkje lykkast å grava fram

«DISSE IRRITERENDE BÅLGRUBER ELLER HVAD VI NU SKAL KALDE DEM . . .»

- «Brandpletter, bålsteder, kogegruber, ildsteder og flere andre betegnelser anvendes i flæng af læg og lærd om vor oldtids almindeligste fundtype. Det, der går under disse mange navne, er pletter med trækul i og med sten, . . . skørbrændte og sodede . . .»
- «Disse sorte pletter er så almindelige at de er ildeset af både finderne og professionelle arkæologer . . . Antallet kan ikke vurderes nogenlunde objektivt, men skal nok løbe op i hundredtusinder for hele Danmarks vedkommende».
- «når arkæologerne ofte er - og navnlig var - tilbøjelige til at springe op og falde ned på meddelelser om fund af disse brandpletter, og i hvert fald nok skule lade være at grave pletterne ud, skyldes det at man aldrig finder andet end sten og trækul i dem. . . så der er såmænd ikke noget at sige til at kræfterne spares til andre . . . mere lønnende opgaver».
- «. . . er der vel håb om at tolkningsproblemerne kan klares efterhånden . . . Vi bør nok ikke fortsat rynke på næsen af disse irriterende bålgruber eller hvad vi nu skal kalde dem i fremtiden».

Henrik Thrane
i artikkel i *Fynske Minder*
1974 s. 96-114.

hov-tufter. Og det trass i at ein har leita målmedvite i heile Norden.

Så var det alle gropene. Mange års arbeid tidlegare med slike groper har berré gitt uklare resultat. Det kunne godt bli eit langvarig sisyfos-arbeid på Hovshaugen . . . Mange arkeologar er blitt mildt resignert overfor denne materien, jfr. Henrik Thrane sine ord. Samtidig syntest nettopp den store mengda med groper på haugen å gi spesielle muligheter til å peile inn kva funksjon dei hadde hatt.

Busettingsmiljøet og namna omkring Hove er også noe spesielle og spennande. Ein av grannegardane heiter Vang og

var fram til ca. 1860 kyrkjestad. På ein annan, Husby, ligg det største gravfeltet i bygda.

Da gravingsarbeidet i 1984 var ved slutten, viste det seg å gi resultat som hadde betydning i samband med forskningsprogrammet «Gamle sentra».

Den brente leira:

Framleis uoppklart

For å kunne bruke mest tid og innsats på nøyaktig utgraving av det som låg i undergrunnen, brukte vi bulldosar til å skava av matjordlaget over. Det var ein sjanse å ta. Kanskje vart viktig materiale ødelagt. Men finrensinga med spade og krafse etterpå viste at arbeidsmåten var riktig: I matjorda var det ingenting spesielt å finne. Og maskingravinga hadde raskt og enkelt gitt oss oversyn over 2 dekar undergrunn. Sjøl om det låg ein god del fleire groper nedover både sør- og nordskrånninga, prioritererte vi 1.5 dekar langs det høgaste av haugen til full avdekking.

Størst spenning knytte det seg til området ved gravhaugen, der det var funne brent leire. Var det spor av hustuffer her? Ei steinsamling i eit hardt mørkt kulturlag aust for gravhaugen verka misstenkeleg. Både under og mellom steinane låg bitar av brent leire.

Innved kanten av gravhaugen fanst ei anna samling stein, ei firkanta steinhelle knust i fleire delar. Den var plassert her etter at haugen var bygd.


Ingen av steinsamlingane hadde form eller plassering så dei kunne vera delar av ei tuft, viste det seg. Førkomsten av brente leirbitar var heller ikke så opplyssande som vi trudde. Dei låg tydeligvis ikkje på opphavleg plass. Ein fekk inntrykk av at dei kanskje var plukka opp ein stad på husmannsjorda og kasta vekk omlag som åkerstein. Kor dei var komne frå fann vi ikkje ut.

Haug med fleire gravleggingar

Lenge trudde vi det kunne vera tuft under gravhaugen, og grov ut den. Men under haugen fann vi verken tuftespor eller brent leire. Haugen var bygd før leirbitane vart kasta inn på kanten av den.

Haugen var tilnærma rund, ca 11 m vid og inntil 1.0 m. høg. Den var bygd som ei røys av tildels stor stein, som øvst var dekt av jordlag. Mellom steinane, spesielt i midtpartiet, var det meir og mindre klart avgrensa samlingar av brente bein. Dei låg i varierende høgd i haugen. Dr. Holck ved Anatomisk institutt uttalar at det i alle fall er to personar som kan påvisast ut frå beina. Den eine er ei 40-50 år gammal kvinne, den andre er eit yngre individ, 20-25 år gammalt, truleg mann.

Til saman 14 bjørneklør fanst spreidd mellom menneskebeina. Om desse skriv Hock: «En kan også merke seg at antallet bjørneklør er delelig med det «magiske» tallet 7 - slik det svært ofte forekommer i branngraver, til tross for at bjørnen bare har 5 klør på hver labbe. En vil også fremheve at den kraftige brenningen ikke har vært forenlig med innpakking i bjørne-



Snitt gjennom groper og ulike slags hol. skinn, slik man gjerne har forestilt seg likbrenningen i bronse- og jernalder». - Som gravgods fanst vidare små restar av beinkam og andre beinreiskapar.


Dateringar vart gjort på kolgrop nr. 103 og ei anna grop, nr. 101. Dei låg i botnen av haugen og kan vera jamgamle med - eller eldre enn - gravhaugen. Til samanlikning daterte vi kolprover frå kantgrøfta og eit kolsjikt oppe i haugen. Dei representerer tidspunkt etter at haugen var (påbegynt) bygd. Alle fire dateringane fell

¹⁴C-dateringar påført.

omlag i 2. hundreåret e. Kr. Dei viser at det ikkje er fleire hundre år mellom byggefasane. Og ein kan fastslå at folk vart gravlagt på Hovshaugen på ei tid da mange groper vart anlagt der. Graver med sikker datering så tidleg i jernalderen er elles sjeldne i Trøndelag.

Problematiske kolgroper

Over heile det 2 dekar store feltet vi avdekte fanst ei mengd groper med kol og brent stein. Noen låg spreidd, men



Samanstilling av ¹⁴C-dateringar for Hovshaugen. Dateringane er utført av Laboratoriet for Radiologisk Datering ved NTH i Trondheim. Alderen som ein får ut som resultat, blir rekna bakover frå år 1500. Denne alderen svarar likevel ikkje heilt til kalenderår. Den må justerast noe - kalibrerast - før ein får årstal. Pluss/minusverdiane fortel at i 2 av 3 tilfelle ligg det rette tidspunktet innafor denne feilmarginen. Det blir derfor ein viss, liten sjanse for at dateringa 585 ± 75 e.Kr. i røynda er yngre enn dateringa 715 ± 105 e.Kr. Meir sikre og nøyaktige er ikkje slike dateringar. - Sjå også s. 2 og s. 13.

det fleste var samla i ein konsentrasjon vest for haugen. Dei danna eit nesten samanhengande svart felt ca. 20x8 m. Nye groper var ikkje sjeldan gravd oppi eldre. Som regel var dei mellom 0.7 og 2.0 m i tverrmål og inntil 0.4 m djupe.

Slike groper er velkjente for arkeologar både i Norge og andre land. Kokegroper kallar mange dei, og ferdig med det. Både frå eldre og nyare tid i mange land kjenner ein til måtar å lage mat på som etterlet slike groper. Ein har tent opp i dei, vermt opp steinar, lagt på mat innpakka og dekt til med blad og torv. Etter noen timar er maten ferdig. - Enkelte reknar også med at ein frå slike groper tok varme steinar oppi vassbeholdarar av tre eller anna brennbart materiale. Det var ein måte å varme vatn på.

Det er likevel ikkje opplagt at det er praktisk matlaging og/eller verming av vatn som var føremålet med gropene. Ein god del andre framlegg til forklaringar har vore sett fram. Elles kan det godt tenkast at nokså likearta groper til dels dekker over ulike bruksmåtar. Gropene har vore kalla mykje ulikt. Inntil vidare synest det best å bruke eit nøytralt, beskrivande ord - *kolgroper* - om dei.

Utpøving av hypotesar

På Hovshaugen såg vi ein spesiell sjanse til å etterprøve om gropene var resultat av ein praktisk eller handverks-

vart gjort for å etterspore eventuelt fosfatrikt avfall frå busetting eller andre aktivitetar. Denne kartlegginga ga ikkje noen karakteristiske konsentrasjonar eller mønster. Trass i omhyggeleg utgraving og undersøking var altså funnmangelen markant. Det er godt grunnlag for å gjera ei negativ slutning: Staden har ikkje vore brukt som buplass.

Kunne den brente leira skrive seg frå spesialarbeid med noe slag omnar eller miler? Sintring av leira i fleire tilfelle viste at det hadde vore varme opp i 1100°C. Med omsyn til gropene kunne vi i alle fall slå fast at det ikkje fanst leire i noe slag tilknytning til dei.

Kol- og jordmassen oppi fleire groper vart finsikta for å leite etter avslørande materialrestar, t.d. av mat. Veden som var brent skreiv seg frå ulike treslag, jfr. tabell fig. Restar av planteføde som t.d. korn vart ikkje påvist. Derimot var det ørsmå spor av brente bein i noen få groper. Grop 51 med svært mykje brent stein var eit unntak: Her var det såpass mange og «store» bein (280 bitar med vekt til saman 28 g) at noen av dei kunne bestemmast: Det var dyrebein, av sau eller geit. Undersøkinga vart gjort av Rolf Lie, Zoologisk museum i Bergen.

Påvisinga av dyrebein i visse groper kunne passe bra med matlaging. Vi såg derfor nærare på groper som låg parvis i


tilfeldig at dei låg i lag. Andre moglege pargroper var 53 og 54, 13 og 14, 57 og 58. Her var det imidlertid ikkje høve til samanliknande dateringar. Men av paret 13-14 var det gropa med lite stein (14) som inneheldt mest beinrestar. - Vi fann derfor ikkje støtte for tanken om parvis bruk av groper.

Ting som kunne motseie klart at gropene hadde vore brukt til noe slags matlaging fann vi ikkje. Men det verka ikkje naturleg at så mykje matlaging skulle ha skjedd på staden når folk tydelegvis ikkje budde der. Og ei anna forklaring syntest etter kvart å passe langt betre. -

Overraskande dateringar

Dateringar på kolgroper har etter kvart vist ein klar tendens: Ein svært stor del av dei er frå tidleg jernalder, ca. 500 f. Kr. - 400 e. Kr. Med den store mengda groper på Hovshaugen var det rimeleg å tenke seg ein omfattande spesialaktivitet innafor dette tidsrommet.

Dei to første dateringane av groper som vi fekk, var derfor heilt uventa: Grop 8 var frå eit tusenår før Kr.f., grop 5 frå eit tusenår etter Kr. f.! Det skulle vise seg svært nyttig at desse mest sprikande dateringane kom såpass tidleg i prosjektet. Om dei verkeleg var rette, måtte ein tenke annleis enn før: *På same stad og på same vis hadde ein gjennom hundre-*



messig aktivitet. Med så mange groper skulle ein vente å finne også andre spor av det som hadde gått føre seg. Var det matlaging, burde det til dømes vera ein buplass på staden.

Den gåtefulle brente leira var det som mest kunne indikere ein buplass. Men det mangla sikre kulturlag, avfall og bortkasta småting som kjenneteiknar buplassområde. Fosfatanalyse av jorda

lag. Var det slik at stein vart oppvermt i ei grop, så plassert i ei anna saman med kjøtt eller annan mat? Dette er ei oppskrift på å lage mat i grop. Grop 50 inneheldt lite stein, men nr. 51 (med småfebein) like inntil hadde mykje stein. Snitt gjennom desse gropene viste at grop 51 var laga sist. Men kor mykje seinare? ¹⁴C-dateringar av trekol fortalte at det var fleire hundre år mellom dei. Det var altså

vis og tusenvis av år gjentatt enkle og likearta handlingar.

Eller var det likevel noe som hadde endrast? Storleiken på gropene, forma, innhaldet? Hadde dei skifta plass litt, bortover den vesle haugen? ¹⁴C-dateringar vart viktigare analysemiddel enn venta.

Det var sanneleg ikkje stor utvikling å merke gjennom tida.

Fire groper med spesielt mye stein - nr. 51, 73a, 74 og 83 - vart datert. Tre av dei plasserte seg mellom dei yngste på feltet. Ein annan tendens til gruppering viste groper med spesielt tidlege dateringar (grop 6 og 8). Dei låg på austdelen av feltet, der det også fanst enkelte spreidde flintavslag. Den dårlege bearbeidingsteknikken dei viser, tyder på datering til bronsealderen.

I noen tilfelle daterte vi groper der den eine låg oppi den andre. Det trong ikkje vera særleg lang tid mellom under- og overliggende grop, viste det seg.

Samlinga av dateringsresultat fekk etter kvart eit tyngdepunkt innafor romartid, ca. 0-400 e. Kr. Det kan tyde på at grop-aktiviten hadde størst betydning i eldre jernalder. Minst like interessant er det at tradisjonen med gropene strekker seg over så lang tid både før og etter. Sjøl om dei eldste dateringane har spesielt store feilmarginar, skulle tendensen vera påliteleg. Interessant er det også at alle dateringane held seg for den kristne mellomalderen.


Resultata tyder avgjort på at gropene på Hovshaugen er spor etter tradisjonsbundne, rituelle handlingar i heiden religion. Meir konkret kva handlingane gjekk ut på, er likevel uklart. Er det tale om mat til rituelle måltid, eller om offer t.d.?

I Tyskland, Danmark og Sør-Sverige er det funne store samlingar av typiske kolgropar i lange parallelle rekke. Dei er for det meste frå yngre bronsealder. Tyske arkeologar reknar dei for å vera offerplassar, kultstader.

Med ei slik oppfatning av norske kolgropar også vil det i vidare undersøkingar vera høve til å ta opp nye og interessante spørsmål om religion og kultstader.

På leiting etter hovet . . .

Om Hovshaugen var ein religiøs samlingsstad, ein kultpalss, burde vi da ikkje finne ein hov-bygning der? - På slutten såg omsider hovet ut til å ta form. Oppe



Skålspenner av bronse frå omkring år 800, funne i ei kvinnegrav på Strømmen.

på kanten av nordskråninga der terrenget flata ut, slutta dei tette kolgropene omlag langs ei rett line. Her var det enkelte stolpehol som runde flekkar i jorda, men det var vanskeleg å sjå noe regelmessig mønster i dei.

Meir påfallande var ein annan type hol i jorda. Dei var 0.4-0.6 m vide, nærmast sylindriske, ca. 0.5 m djupe. Dei var også fullpakka med stein. Fleire steinar i kvart hol var minst 0.3 m i tverrmål. Gjenfylte stolpehol etter ein neddriven bygning? Konklusjonen var godt som sikker da tre slike steinfylte hol vart funne på rekke, med lik fråstand mellom dei, ca. 2 m. Da veit ein kor ein skal leite vidare. Men nei, systemet heldt ikkje fram til noen av sidene.

Til saman vart det funne 10 steinfylte hol, men plasseringa danna ikkje noe mønster som kunne forklarast ut frå huskonstruksjon. I enkelte av hola fanst tre kolbitar under og mellom steinane. Frå eitt av dei daterte vi ein slik kolprøve med

resultat 160 ± 90 e. Kr. Det seier eigentleg berre at holet var gjenfylt etter dette tidspunktet. Kolbitane kunne vera gamle da dei (kanskje tilfeldig) kom ned i gropa.

Fleire ting tilseier at dei steinfylte hola og stolpehola ikkje har noe å gjera med hustuffer. Nedover det svarte, gropdekte området der dei finst, er det for skrått terreng til å sette hus. Heller ikkje var det teikn til at all den brente leira ved gravhaugen hadde kome frå dette området.

I fleire tilfelle var det stolpehol oppi eller ved kanten av groper. Ein kunne ikkje sjå om grop eller stolpe hadde kome først. Dersom kombinasjonen grop + stolpe hadde gjentatt seg ofte, kunne det vore tenkeleg at eitt eller anna hadde vore opphengt i stolpen over varmen frå gropa. Tilfella var likevel for få til at ein kunne gjera slike slutningar.

Kanskje har det vore stolpar i dei ulike hola, utan at dei har vore del av noen større konstruksjon. Har stolpane stått fritt og hatt betydning i seg sjøl? Ein

forts. s.50

GRATULERER, AVERØY KOMMUNE!

Nytt av året er Averøys kommunevåpen.


Det består av tre pilespisser i gull på rød bunn. Her har en tydeligvis skåret gjenom partifargene i kommunen og brukt de klassiske farger på et eldgammelt tema.

Forbildene til pilene er to skiferspisser som ble innlevert til Museet under registrering i 1984. Idéen til motivet er kommet fra Kristoffer Gjøten i Averøy.

Fra vårt synspunkt har Averøy fått et blinkskudd som symbol: Averøys lange tradisjoner tilbake i fortiden er velkjent, Fosnakulturen, høvdingsetet på Bremsnes, Tinget i Langøysundet, for å nevne

noe. Midt imellom alt dette skyter det seg inn tre piler fra yngre steinalder som angir Averøys plass og dimensjon på kartet. Dette er fangstmännens redskap som gjennom de mange tusen år har sørget for at Averøys befolkning har kunnet overleve her ute.

ET GODT OG STERKT KOMMUNEVÅPEN!



Kristian Pettersen

NYE FUNN

IKKE «BARE» JERN OG RUST

av Leena Airola

På gården Dalen på Aunbygda i Skaun tok Agnar Dahl fatt på våronna i mai i 1985. Han skulle sette ned harven igjen etter å ha gjort noen runder på åkeren da han fikk se at det hang fast et eller annet. Han slo av traktoren for å plukke det ut. Det viste seg å være et gammelt rustent vikingsverd.

Etter rundturen med harven hadde sverdet mistet mange detaljer på overflaten og var blitt bøyd. På konserveringslaboratoriet ble denne nye skaden rettet opp før røntgenfotografering.

Sverdet er et huggvåpen, som består av to deler - klinge og feste.

Klingen er tveegget og er den viktigste og mest kostbare del av våpenet. Klingens egg må nemlig være kvass og hard nok til å skjære gjennom metall, tre, lær, tekstil, kjøtt og bein. Samtidig må dens midtre del være seig og støtsikker nok til å motstå slag uten brytning. Hvis klingen ble bøyd i kampen eller gikk i stykker, hadde krigeren bare ett alternativ: Ta beina fatt og løpe for livet.


Røntgenbilder viser at klingen var mønstersmidd. Tråder og bånd av jern og stål med varierende kvaliteter var smidd sammen for å lage våpen av komplisert struktur. Det finnes mange muligheter for forskjellige kombinasjoner. Mønstersmiding var metode både for å styrke og dekorere våpen. Mønsteret i den ferdiglagete klingen var et slags statussymbol og også bevis på at klingen hadde gjennomgått mye tidkrevende håndverk.

Langs klingen går en såkalt blodrand, som ikke har noe med blod å gjøre tross sin dramatiske betegnelse. Den var en teknisk løsning for å styrke eggen ute å øke våpenets vekt.

Festet består av en kav, hvor hånden beskyttes av under- og overhjal. Kavlen var laget av lauvtre. (Treartbestemmelse ved Edvardsen/Tveitdal, Bot. inst. UNIT.) Den trekantete knappen sitter fast på overhjalten og røntgenbilder viser at den

forts. s. 51

Vikingsverdets sammensetning:



1. feste
2. knapp
3. overhjal
4. tange (utsmidd fra klingen)
5. kav
6. underhjal
7. klinge
8. egg
9. blodrand



Etter tidkrevende detektivarbeidet under mikroskopet: Et vakkert eksemplar av vikingtidens sølvsmedkunst. Lysebrune rust klumper på klingen er rester av treslire foret med pels.

LEKA – en hemmelighetsfull sagaøy i havgapet

av Kari Støren Birns

Om nye oppdagelser i forbindelse med en forminneregistrering.

Ut mot storhavet mellom utløpet av Bindalsfjorden i nord og Viknaøyene i sør ligger Leka - en øy rik på funn og fortidsminner fra vår fjerne oldtid. Disse er nå systematisk kartlagt og vil komme med på det økonomiske kartverket som er under utarbeidelse for kommunen.

For å ta det eldste først; Vega har lenge vært det eneste stedet på strekningen mellom Troms og Møre der vi har spor fra den tidligste delen av steinalderen, tiden rett etter at isen forsvant. Men leting i 90 meters nivå på Leka forandret denne situasjonen. Dette var omtrent det nivå sjøen stod på da isen var iferd med å trekke seg tilbake, vi kan enda se tydelige spor etter denne strandlinjen i fjellsiden og i grusavsetninger. På denne tiden var det bare enkelte områder øst og sør på øya som kunne beboes. Og her ble boplassene funnet, på lune solvendte flater, med forholdsvis lett tilgang på ferskvann. Et foreløpig inntrykk er at bosetningen kan ha vært omtrent som på Vega - slik det er beskrevet i forrige nummer av SPOR. På høydedraget mellom Haug og Solsem kan det ha ligget en helårsboplass som i vinterhalvåret samlet alle øyas beboere. Her er det funnet ildsteder og store konsentrasjoner av flint- og kvartsittavslag, rester etter stei-

naldermannens redskapsproduksjon. Stedet ligger på det smale partiet mellom Store og Lille Leka og må ha gitt gode havnemuligheter og ly for de fleste vindretninger. I samme nivå, særlig langs sydøstkysten av øya, ble det funnet en rekke mindre boplasser. Disse kan ha tjent som fangstplasser i sommerhalvåret. Boplassene er viktige oppdagelser og vil kunne avsløre mer om livet i den aller tidligste delen av Norgeshistorien.

Om vi fortsetter videre nordøstover i samme nivå som disse boplassene, ender vi opp på en vid bergflate, kalt Storlauvhatten, som faller bratt av mot Leknes i øst og nord, og Skråa i vest. På denne bergflaten er det kartlagt ialt 68 gravrøyser. Stedet må ha egnet seg godt for gravplass og begravelsseremonier. Fra platået er det en enestående utsikt over havet mot vest og nord og innover land i øst. På denne flaten er det særlig ett anlegg som skiller seg ut og som



med sine mystiske menneskefigurer malt på huleveggen. Også andre huler med spor etter menneskers tilhold ligger skjult rundt på øya. Og vi må ikke glemme de mektige gravhaugene og -røysene vi bl.a. har på Skei, Huseby og Haug.

Kort sagt - Leka bærer navnet Sagaøya med rette, og mange hemmeligheter ligger fremdeles gjemt her ute i havgapet.

Bygdeborgene på Steine, sett fra gravrøyser på Steinsøya.


Det er registrert ialt 396 fornminner, og dette er omtrent det dobbelte av hva vi kjente til fra før. Vi finner fornminnene i en natur som enda ikke har rukket å bli offer for altfor mange inngrep og forstyrrelser, selv om dette også dessverre har begynt å skje her, særlig i form av grustaking.

Men på denne merkelige øya - bl.a. med sin eiendommelige okergule og sterkt forrevne bergart, i underlige formasjoner og i klar kontrast mot det havblåe hav - er det ikke vanskelig å bli grepet av en følelse av nær kontakt med fortiden.

Landskapet er både uforandret og fremmedartet på samme tid - som på en annen klode...

Leka er jo allerede kjent som Sagaøya, stedet der Herlaugsspelet utspilles hver sommer - historien om høvdingen Herlaug som heller ville gå i haug enn å la seg underkaste kongsmakten. Og Herlaugshaugen (der vi tror at Herlaug kan være gravlagt) ligger på Leka den dag i dag; rett ved fergeleiet og ønsker alle tilreisende velkommen.


Sporene fra yngre jernalder, og dermed også vikingtiden, var vi ganske godt kjent med før kartleggingen tok til. Men den førte også til helt nye oppdagelser, og disse skal jeg kort gjøre rede for her.



Kart med særskilt markering av nivået mellom 90 og 100 moh., der boplassene fra eldre steinalder og anlegget på Storlauvhatten er avmerket. Beliggenheten for endel av de øvrige fortidsminnene på Leka er også tatt med.

bærer bud om mystiske hendelser i fortiden. Midt ute på flaten ligger en gravrøys (diam. 4,5 m) som er omgitt av ialt 34 smårøys, med diameter på rundt 1-1,5 meter. De ligger i bestemte avstander fra den sentralliggende røysa, slik at de danner punkter i flere sirkler som alle har den største røysa som sentrum. Hele anlegget dekker et areal på ca. 1900 m². Et lignende anlegg er oppdaget ikke så langt fra Leka, på Ytre Vikna, og dette lå også høyt oppe på et berg. Hva slags aktiviteter kan ha utspilt seg her? Kan disse anleggene ha noen sammenheng med astronomiske forhold? Hvem vet. Vi får vel aldri noe fullgodt svar på dette. Men en undersøkelse av den sentralliggende røysa kan kanskje si noe - om ikke annet, hvor gammelt anlegget kan være. Kanskje vil det vise seg at det er fra steinalderen eller den tidligste delen av jernalderen? Vi kjenner nemlig svært få graver fra disse tidsperiodene, og særlig smårøys ligger gjerne i helt andre områder enn der vi finner sporene fra jernalderens gårdsbosetning og gravanlegg. Derfor kan disse kanskje være eldre.

Dette er bare en liten del av det Leka rommer av spor fra fortidens mennesker. Blant mye annet som ikke er nevnt har vi bygdeborgene på Steine, det fine båtgravfeltet i Einarskaret, gravrøysene med oppmurte kamre ytterst på kysten mellom Steine og Kvaløya, rullesteinstuffer på Vågan - og ikke minst - Solsemhula



Anlegget på Storlauvhatten. For oversiktens skyld er det trukket sirkler gjennom røys som har samme avstand fra midt-røysa. Bare 6 av de 34 røysene ligger 'alene' (markert med åpen sirkel).



To Lekaværinger som har bidratt sterkt til det gode kartleggingsresultatet på Leka. Til venstre Einar Westgård som blant annet har funnet flere av boplassene fra eldre steinalder. Til høyre John Furre som har oppdaget og kartfestet en stor del av gravanleggene på øya.

kunne tenke på religiøse symbol og figurar som sto ute i friluft. Det verka i alle fall ikkje tilfeldig at den store konsentrasjonen av groper fanst like nedafor dei fleste hola.

På austre del av gravingsfeltet var det ei gruppe små groper (nr. 18 - 38) og langstrekte fordjupningar nedover sør-skråninga. Dei hadde ikkje noe med tuffer å gjera, sjøl om vi heller ikkje positivt kunne fastslå kva dei var spor etter. Ei av dei små gropene (nr. 24) fekk elles datering til romartid, som mange kolgroper. - Ei bein fure i undergrunnen langs etter høgste ryggen er etter alt å dømme eit far av holveg.

Hova som forsvann

Dei fleste har vel ei grei og innarbeidd førestilling om kva eit gudehov var i den heidne tida: Ein bygning der ein dreiv gudsdyrking, eit motstykke til kristne kyrkjehus. Mellom andre stadnamngranskaren Magnus Olsen meinte at kristne kyrkjer vart reiste på same stadene der hova sto før. Ved utgravingar av mellomalderkyrkjer har ein over heile Norden leita spesielt etter det eldre hovet. Berre i sjeldne tilfelle, som på Mære i Sparbu, har ein funne slik samanheng frå heidentil kristent gudshus på same stad. Det er store problem med å påvise tuffer etter hov i det heile tatt.

Kva så med alle sagafortellingane om hovbygningar? Den danske arkeologen Olaf Olsen la i 1966 fram doktoravhandlinga «Hørg, hov og kirke». Det var hard kost for dei fleste: Olsen peika på at arkeologien ikkje hadde greidd å stadfeste at hova frå sagaene var spesialbygde gudshus, tempel. Dei vanlege storhusa - hallane - på visse gardar kan ha fungert som kulthus ved bestemte høve, og det er dei som da blir kalla hov. Særskilte hov-bygningar har berre sjeldan funnest. Dessutan var det mest vanleg at den gamle gudsdyrkinga gjekk for seg ute i det fri, mellom anna i spesielle lundar eller på haugar.

Det lar seg ikkje nekte at desse synspunkta til Olaf Olsen gir bra forklaring på det vi fann og ikkje fann på Hovshaugen. Men staden held nok enno på noen av sine løyndomar. Framleis er det ukjent kor ca. 50 kg brent leire skriv seg frå, og kva konstruksjon det har vore.

Bygdesentrum

Arbeidet på Hovshaugen vart utgangspunkt for å finne ut meir om sentrum og struktur i den gamle Åsenbygda. Namna Hove og Hovshaugen tyder på at kultplassen her var ein spesielt viktig og sentral samlingsstad i bygda.

Også i dag ligg bygdesentret i nærleiken, med jernbanestasjon, vegknutepunkt, kyrkje, skole, butikkar m.m. Men plasseringa av sentra har ofte andre årsaker no enn i gammal tid. Utviklinga av samferdsla gjer særleg stor skilnad.

Omkring Hove, mellom Hammervatnet og vatnet Hoklingen, er det beste jordbruksområdet i bygda. Gardane er store og har gamle namn: Hammer, Vatn, Dul-



Murrestar etter den gamle bygdeborga på Digerberget ved Åsenfjorden.

lum, Vedul, Grenne, Følke, Stokkan, Fossing, Mossing, Hokling, Holing. Dei fire siste er *vin*-namn. Midt i dette namnemiljøet ligg Hove, Husby og Vang. Truleg er dei utskilt frå ein og same opphavsgard ein gong i oldtida.

På den gamle kyrkjestaden Vang ligg truleg den største gravhaugen i bygda. Den er minst 35 m i diameter og over 3 m høg. Forma tilseier helst ei datering til eldre jernalder. Omkring tunet på Hove har det vore grahaugar i tillegg til dei tre oppå Hovshaugen. Gravfeltet på Husby har vore det største i bygda, med ca. 50 gravhaugar. Funna derifrå er for det meste frå vikingtida. Husby er eit namn som utmerker store gardar som truleg var eit slag administrasjonssentra i vikingtida. Både gardsnamn og fornminne vitnar om at sentrum i bygda låg i dette området i jernalderen.

Åsen var tidlegare eigen kommune, og har vore sokn under Frosta prestegjeld. I dag er Åsen del av storkommunen Levanger. For dei fleste verkar bygda som eit uryddig landskap med åsar, skog og vatn, utan klar struktur. Breibydene Skogn, Frosta og Skatval som ligg omkring, er meir samanhengande og oversiktlege. Men oldtidsbygda Åsen viser seg å «henge saman» på ein interessant måte.

Ferdselsveg over vatna

Strukturen var enklare og tydelegare i steinalderen. Landet låg enno så lågt at Hammervatnet (25 m.o.h.) gjekk saman med sjøen. Dermed var fjordbotnen rett nedafor dei gamle, store gardane omkring Hove. Funn viser at det i slutten av yngre steinalder var jordbruksbusetting nettopp i dette strøket.

Austover herifrå strekker Hoklingen og Movatnet (88 m.o.h.) seg omlag ei mil innover som ein vassveg til Markabygda. Hove-området blir ei landsperre mellom båtferdsla på bae sider. Det er grunn til å tru at denne ferdsla var viktig i jernalde-

ren, sjøl om Hammervatnet da var skilt frå fjorden. (Den tronge Vuddudalen der E6 og jernbane i dag går sørvestover til Langstein og Skatval, var lite framkommeleg i eldre tider).

Noen stadnamn røpar at ein i gammal tid såg den store samanhengen i landskapet og bygda tydeleg. Hopla heiter i dag ein gard ved den korte Hoppel-elva som dannar utløpet frå Hammervatnet til fjorden. *Huppla* har vore det gamle namnet ikkje berre på elva her, men også på Fossingelva mellom Hoklingen og Hammervatnet. Vatnet Hoklingen - opphavleg *Hupplingr* eller *Hupplungr* - er danna av elvenamnet. Gardsnamnet Hokling - *Hupplinjar* - er likeins samansett av *Huppla* pluss *-vin*, og tyder engene ved Huppla. Den lange vassvegen hadde såleis eitt felles namn frå først av.

Kan ein finne arkeologisk grunnlag for oppfatninga at dei store vatna var ferdsselsåra som knytta bygda saman frå vest til aust? Ja, fleire forhold passar inn.

På Vang, ved utløpet av Hoklingen er det funn frå ei båtgrav. På det eine neset som snører av Hoklingen frå Movatnet ligg garden Strømmen i ein trafikkmessig kontrollposisjon. Landvegs ferdsel frå Skogn i nord passerte over det smale sundet her. Nyleg er det undersøkt ein kavlvveg frå mellomalderen over myra på nordsida i den vegleia. Men det var nok ferdsel på vatna, gjennom straumen, som ga garden størst betydning. Eit staseleg gravfelt på ca. 30 haugar låg bortover høgaste ryggen her. (Det er no sterkt redusert på grunn av store grustak). I 1979 vart 4 gravhaugar utgravd. Ein av dei inneheldt ei mannsgrav i ein ca. 7 m lang båt. I ein annan fanst det delar av ein båt i ei kvinnegrav. Både desse gravene var godt utstyrt, og dei skriv seg frå tida omkring 800 e.Kr. Det er bra fiske i vatna ved Strømmen, men det er neppe grunnen til at betydninga av båtar vart framheva ved å legge dei i gravene. Først og fremst var dei transportmiddel. Gravene fortel greitt og liketil om garden sin

velstand på grunn av ferdsla over vatna.

Movatnet gir via Markabygda samband med store utmarksområde inn over mot Fora-myrane. I dei siste åra er det blitt klarlagt kva betydning *ein* av ressursane her kunne ha. Spreidd i området er det registrert ein serie jernvinneplassar. Utgravingar på Heglesvollen har vist at jernproduksjonen hadde stort omfang i alle fall i tida ca. 0-600 e. Kr. Frå noen av produksjonsstadene var det naturleg å frakte jernet fram til Markabygda. Andre utmarksvarer - kanskje helst fangstprodukt - kom nok også frå Markabygda.

Utkantar og sentrum

Det er også to bygdeborgar som får god meining innafor det langstrekke bygdelandskapet. Den eine bygdeborg ligg på Ratåsen, ein bratt bergknaus ikkje langt frå garden Venset i Markabygda. Her går vegleia mellom Skogn og Markabygda i nærleiken. Kanskje er det eit vitnemål om motsetnad mellom dei to bygdene, og om at Markabygda var like mye knytt til Åsen som til Skogn i jernalderen.

Ute i Åsenbygda på sjøsida i vest stikk fleire nes ut i fjorden. Aller ytst ligg Digerberget med ei bygdeborg. Såpass langt det er herifrå til større gardsbusetting, er det lite meining i å tenke seg at folk søkte tilflukt her. Borga ligg som vakt og forsvaret i ytterkanten av bygda. Herifrå hadde ein oppsyn med fjorden mot Frostata som førte inn til Lo-grenda og til Hamervatnet. Likeins kontrollerte ein ferdsla over fjorden frå Skatval til Åsen-sida. Derifrå var det vegleier også over land noraustover til bygdesentret.

Sett med arkeologiske briller blir det dermed samanheng mellom ting som finst i utkantane av bygda og i sentrum. Og ein kan forstå korleis landskapet låg til rettes for eit bygdesentrum i det bestemte området omkring Hove.

Meir stoff om Åsen i eldre tid finst i Boka «Busetnaden i Åsen fram til ca. 1660» av Johan S. Mo (Levanger 1982).

KONGSMAKT, KRISTNING OG FROSTATINGET

fra s. 41

dess meir sannsynleg at den første kyrkja på Frosta låg på den andre store kongsgarden der, Hernes.

Undersøkingar i framtida både på Logtu og Hernes kan fastslå om det er ein slik samanheng. Kyrkjegarden på Hernes skal i så fall dekke tidsrommet før det blir kyrkje og graver på Logtu.

Hernes-funna i større samanheng

Det er fleire spennande spørsmål å stille om Hernes. Finst det spor etter sjølve kyrkjehuset der? Kva tid vart det bygd, og kor gamle er dei eldste gravene? Kva preg har dei? Er det innslag av heiden gravskikk? Har dei påverknad frå Eng-

land der dei første prestane og bispane kom frå? Kven styrte landet på den tida det vart bygd kyrkje så sentralt i Trøndelag som på Frosta?

I fleire landsdelar - til dels også Trøndelag - ser dei heidne gravene ut til å bli borte i siste halvdel av 900-talet. Enno har vi lite arkeologisk materiale som viser overgangen til kristendom og kristen gravskikk. På Villa i Tresfjorden, Vestnes i Romsdalen kjenner vi eitt gravfelt frå overgangstida. Men det er ikkje utgravd på moderne måte og tidfestinga er usikker.

Eit kjent minnesmerke frå kristninga i Norge er bautasteinen frå Kuli, Edøy på Nordmøre (sjå s. 14). Flatsida er pryda med eit kors. På eine sidekanten fortel ei runeinnskrift: «Tore og Hallvard reiste denne steinen etter Ulvliot. Tolv vintrar hadde kristendommen vore i Norge». Spørsmålet blir sjølsagt kva tid innskrifta siktar til da kristendommen kom til landet. Kan det vera misjonsframstøtet til Håkon den gode ved midten av 900-talet, slik F. Birkeli har hevda? Dei fleste andre meiner at den avgjerande hendinga som runeristaren hadde i tankane, må vera noe som skjedde under ein av Olav'ane først på 1000-talet.

Med kyrkjegarden på Hernes finst det no ein sentral stad i Trøndelag der ein kan gjera utgravingar og kanskje koma vidare med viktige spørsmål som gjeld det kulturhistoriske vendepunktet som religionsskiftet var.

KONGENS HUS..... fra s. 28

Det gjenstår éit spørsmål som vi ikkje har vært inne på tidlegare: Hvorfor kaupang akkurat på Nidarnes? Kanskje er forklaringen denne: Lade var trøndelags politiske kraftsentrum. Når Olavene bygger og gjenoppbygger kaupangen så tett opp til Lade, er det for å nøytralisere, og utøve kontroll over det gamle høvdingesetet.

Dette lyktes nå ikkje særlig godt for Olav Trygvason. Han fikk da heller ikkje særlig lang tid på seg! Derimot går det bedre for hans etterkommere Olav Haraldson og Harald Hårdråde: Under dem vokser kaupangen raskt til å bli en «magna civitas»-en stor by. Et politisk religiøst og kulturelt kraftsentrum er i emning i et kommende statsamfunn.

Det gamle høvdingesetet på Lade synker tilbake i avmakt og glemsel. Den fordum så mektige jarleætten dør ut med Håkon jarl Eirikson i 1029 (1030). Ennå skal det imidlertid vare noen generasjoner før rikskongedømmet og bysentraene som fulgte i dets kjølvann (f.eks. Sarpsborg, Oslo og Bergen) helt og holdent hadde vunnet fotfeste. Men når det hadde skjedd, fikk de også avgjørende innflytelse på hele den historiske utvikling frem til vår tid.

Tegninger:

Søssa Magnus, Ellinor Forfang

Foto:

Axel Christophersen

NYE FUNN..... fra s. 47

er hul og festet med to nagler som går gjennom overhjalten. Formen på knappen varierer mye på forskjellige sverdtyper og knappen spiller derfor en viktig rolle ved datering. Underhjalten hindret hånden å gli over klingene. Overhjalten sikret et solid grep i sverdet. Sviktet det under kampen, mistet krigeren kontroll over våpenet og kunne havne i en livsfarlig situasjon.

Hjaltene og knappen er dekorert med innlagte sølv- og koppertråder i geometrisk mønster. Inn i parallelle siselerte furer ble trådene satt på plass og slått ned. Spesielt krigsutstyr ble pyntet på denne måten og denne teknikken kan ennå fortelle oss mye om vikingtidens håndverkmessige dyktighet.

Over- og undersiden av hjaltene er dekket med plater, sannsynligvis laget av tinnlegering, hvis opprinnelig, grå farve har lignet sølv. Sverdets flerfargete overflate må ha vært et imponerende syn.

Det opprinnelig vakre våpenet bærer nå naturligvis preg av å ha ligget i jorda over tusen år. Nedbrytningsprosessen har gjort sitt arbeid i løpet av den tiden. Rusten kan virke uinteressant, men tvertimot, viser det seg at den gjemmer artig og viktig informasjon. Korrosjonsprodukter kan inneholde mineraliserte rester av organiske materialer, som opprinnelig har vært i tett kontakt med metall. På sverdhåndtaket (kavlen) hadde metallsalter erstattet det opprinnelige trematerialet. Rustklumper på klingene viste at sverdet hadde ligget inne i en treslire foret med pels.

Sverdet stammer fra eldre vikingtid og hører til den såkalte H-typen, som ble brukt i tidsrommet 800-950 e.Kr. Flere hundre slike sverd er funnet i Norden og typen forekommer også på andre steder i Europa. I museets egen samling finnes det om lag 116 eksemplarer, nesten halvparten fra Nord-Trøndelag! Sverdet fra Skaun må derfor ha vært et svært populært våpen.

Bare sverdet kan nå fortelle oss noe om det mennesket som ble begravd på Aunbygda for over tusen år siden. Vi vet at han var kraftig nok til å bruke sitt sverd, som ennå veier 1444 g, og at han var rik nok til å skaffe seg et slikt kostbart våpen. Rester av tøy på hjaltene viser at sverdet har fulgt eieren i graven, og at hans lik ikke ble brent i forbindelse med begravelsesseremonien.

Litteratur.

Liestøl, A. 1951: Blodrefill og mål. *Viking*, bd. 15.

Petersen, J. 1919: *De norske vikingesverd*. Skaar, F. C. 1943: Bruken av jernaldersverdene. *Viking*, bd. 7.

Sørensen, O. 1951: Gullsmedteknisk vurdering av enkelte funn. *Viking*, bd. 15, s. 204-209.

NESTE NUMMER AV BLADET:



ABONNER PÅ «SPOR»!



SPOR kan sette deg på SPORET til selv å finne SPOR etter fortidens mennesker!

**For en årskontingent på bare kr. 50,-
får du levende glimt inn i Midt-Norges
fortid på en oversiktlig måte!**

Kun begrenset opplag!

**Benytt postgiroblankettene inne i
bladet. Hvis du trenger flere, henvend
deg til:**

ARKEOLOGISK AVDELING,
UNIT MUSEET,
ERLING SKAKKESGT. 47 B,
7000 TRONDHEIM